KONSERTER

BARNEFORESTILLINGER

Nº13

SCHOUS KULTURBRYGGERI

FORESTILLINGER & DANS

SESONGPROGRAM VÅR 2017

SCENE FOR FOLKEMUSIKK & FOLKEDANS

# RIKSSCENEN



Følg oss på Facebook

www.riksscenen.no



29.04 Unni Boksasp Ensemble - Opus 72017



# Velkommen til ny sesong!

**EN KULTURARVS KUNSTNERISKE POTENSIAL**
**Noe av det mest spennende med å være leder for Riksscenen er å få være med på en reise der folkemusikken befester seg som en uttrykksform med stort kunstnerisk potensial i sin egen samtid.**

Den er ikke som på Griegs tid bare en kilde til inspirasjon for kunstnere med et annet estetisk ståsted, men stadig oftere det bærende elementet i nye kunstneriske prosjekter. Parallelt sørger en rekke dyktige utøvere for at det historiske materialet holdes ved like, utvikles og er tilgjengelig for de unge som skal ta over arven.

I et slikt mangfoldslandskap vil jeg først løfte fram en av de virkelig store høvdingene i vår folkemusikk – Knut Buen. Endelig skal vi presentere den fargerike spelemannen, slåttemakeren, poeten og historiefortelleren fra Tuddal som månedens artist. Aldri har det vært så lett å spørre mange av våre fremste spelemenn om å være med på å dykke ned i Knuts musikalske verden. Vi skal rett og slett hylle en av vår tids største formidlere av folkemusikk og folkekunst. Men som en slags kontrast har vi også bedt en av våre fremste samtidsmusikere med folkemusikkbakgrunn, Frode Haltli, om å sette sammen et månedens artistprogram som utforsker folkemusikkens potensial fra hans ståsted.

Vi har også en spennende geografisk ytterpunktakse. Mongolske Huun-Huur Tu fra Tuva regnes i dag som de fremste utøverne innen sin sjamanistiske strupesangtradisjon. Så til Sverige der en av Sápmis største artister, Sofia Jannok, smelter sammen elektronika, jazz og joik, og videre til Galicia. Førdefestivalen og Riksscenen har invitert Xabier Diaz med et stort ensemble og et nytt prosjekt. Han har brukt to år på å lete fram galisiske vugge- og folkesanger, det hele paret med en fascinerende lokal tamburintradisjon. Gå ikke glipp av disse høydepunktene!

Men vi har mye annet å by på. Vi fortsetter å presentere møter mellom musikk- og fortellertradisjoner, fra nå av med en egen profil: Fortellerscenen. En av Englands fremste fortellere, karismatiske Godfrey Duncan (TUUP), og sitarspiller Sheema Mukherjee tar oss med inn i indisk eventyrverden. Sjelden har jeg hørt større musikalitet i fortellerstilen. Elisabeth Syrdahl Ellingsen og Silje Risdal Liahagen lar også dansen, musikken og fortellingen møte i sin første sceniske produksjon.

Folkemusikklinja på Norges musikkhøgskole gjør som jazzlinja og flytter eksamenskonsertene til sin nasjonale scene. Midtnorsk folkemusikksenter rykker inn for å presentere sin region, slik Folkemusikk i Nord gjorde i fjor høst. Vi får gjensyn med *«Ikkje ver blug, kyss meg!»* – Vågås bestillingsverk til Landskappleiken sist sommer. Og for å slutte sirkelen i dette forordet vender jeg tilbake til Grieg.
Kanskje har Unni Boksasp tenkt at det er på tide å ta Griegs opus 72.2, bygget på 17 slåtter av Knut Dahle fra Tinn, tilbake til sitt folkemusikalske ståsted når hun 29. april framfører Riksscenens bestillingsverk Opus 72017?



**Helge Skansen**, daglig leder, Riksscenen

## Folk på Torsdag
Aktuelle artister, jam, dans og koselig stemning. OsloFOLK og Riksscenen samarbeider om Folk på Torsdag, en fast klubbkveld med løs snipp og garantert bra musikk! Her presenteres gamle helter og unge stjerner som alle opererer et eller annet sted innenfor et folkemusikalsk landskap. Konseptet Ung på Torsdag gir unge, spesielt dyktige utøvere en sjanse til å stå på scenen og vise hva de kan. I tillegg legger vi noen kvelder opp til dans, og det er alltid rom for jam der alle er velkomne til å ta med instrumenter og bidra!
OsloFOLK støttes av Norsk kulturråd og Oslo kommune.

## Bakkjens Basar
En fredagskveld i måneden får den kreative programsnekkeren Asgaut Bakken frie tøyler til å sette sammen det ultimate klubbprogrammet på Hovedscenen med som regel to band. De råeste blant de råe, nye musikerkonstellasjoner, internasjonale toppmusikere du neppe har hørt før, og høy dansefaktor.

## Tett på
Folkemusikken sitt svar på Bokbadet, eit djupdykk ned i musikktradisjonar og musikkopplevingar. Fire sundagar i sesongen presenterer vi nye artistar – solistar og utøvarar som på ein eller annan måte har ein link mellom seg, eller er aktuelle akkurat no. Dei deler ein konsert der dei sjølve får presentere seg gjennom låtval og historier, og i tillegg vert det ei samtale mellom artistane og Ola E. Bø, vår eiga folkemusikkbadevakt!

## Folkedansen
Riksscenen legger vekt på to forskjellige anvendelser av folkedansen. Dansescenen er en arena for profesjonelle folkedansere og et visningsted for deres nye sceniske produksjoner. Under tittelen Dansefest setter vi søkelys på de forskjellige dansetradisjonene i Norge, gjerne i samarbeid med organisasjoner og lag som i tiår har ivaretatt og videreutviklet disse. Kurs i dans med de beste instruktørene kobles med sosialt samvær der dansen og musikken står i sentrum.

## Buljos Biđus og Idja
Riksscenen er også et utstillingsvindu for det som rører seg i den samiske musikken. I samarbeid med gitaristen og produsenten Georg Buljo presenterer vi et knippe av de fremste samiske artistene fra Nordkalotten – en reinsdyrkjøttgryte (biđus) av ypperste kvalitet.

Idja er samisk for natt, og er et klubbkonsept utviklet og drevet av den samiske ungdomsorganisasjonen Oslove Noereh i samarbeid med Riksscenen. Stadig flere samer bor i byene, og en sterk urban samisk ungdomskultur vil være helt avgjørende for bevarelsen og styrkingen av samisk identitet og språk i årene framover. Idja – Sámi club night – skal dekke den yngre generasjonens behov for en møteplass i Oslo, en møteplass hvor identitet, kultur, tradisjon og fellesskap står i sentrum. En scene hvor samiske artister får mulighet til å etablere seg og skape seg et navn i Oslo, og som skal fremme det musikalske samarbeidet mellom samer i Norge, Sverige, Finland og Russland.

## LilleRIKSEN
Dette er Riksscenens tilbud til barn og voksne som vil oppleve noe sammen. Annenhver søndag inviterer vi til en samlingsstund med konserter, forestillinger og aktiviteter. Vegar Vårdal er vår faste LilleRIKS-vert, og han ønsker alle barn og voksne velkommen i forkant av forestillingen. Selve forestillingene passer for både store og små dersom ikke annet er oppgitt – noen ganger intimt på Klubbscenen, andre ganger slår vi på stortromma og lager familiekonsert på Hovedscenen. LilleRIKSEN formidles i samarbeidsprosjektet Barna i Schous Kulturbryggeri.

## Månedens artist
To ganger i sesongen setter Riksscenen følgespoten på en nyskapende og trendsettende artist. Vår intensjon er å la dem vise seg fram fra nye og uventede sider, men også gjerne ta opp igjen produksjoner som mange flere burde ha fått med seg.

## Verdensmusikkscenen
Det aller meste vi formidler på Riksscenen, kunne vært samlet under denne profilen – norsk folkemusikk er også en del av den internasjonale verdensmusikkscenen. Men begrepet world music er kommet for å bli, så vi samler primært tradisjonsmusikk med røtter utenfor de nordeuropeiske tradisjonene i denne boksen. Det omfatter alt fra enkeltstående konserter til vår faste serie *«Indris´ Latinerkvarter»* med sitt fokus på Latin-Amerika.

## Åpen Klasse
Den nasjonale og internasjonale folkemusikken er utrolig mangfoldig og går ofte på tvers av både sjangre og tradisjoner. Riksscenen tilbyr som beskrevet over faste serier med relativt klart definerte profiler. Under vignetten Åpen klasse er det derimot høyt under taket. Det eneste vi lover, er utøvere av ypperste kvalitet, høydepunkter fra festivaler, og nye produksjoner.

## Fortellerscenen
Fortellertradisjoner har gått hånd i hånd med folkemusikken og folkedansen og er en del av vår folkelige kulturarv. Norge har hatt sterke muntlige fortellertradisjoner, og mye er nedtegnet – en nærmest utømmelig skattekiste for dem som vil bearbeide og omsette til sceniske uttrykk. Riksscenen prioriterer dette arbeidet, og under denne profilen viser vi sceniske forestillinger der fortellingen, musikken og dansen smelter sammen til ett uttrykk – ofte produsert av oss. I tillegg henter vi inn tilsvarende forestillinger fra andre kulturer.

## Nyproduksjoner
Riksscenen er ikke bare en aktiv formidler av folkemusikk og folkedans, men prioriterer også å initiere nye produksjoner i tett faglig og økonomisk samarbeid med kunstnere. Vi tilstreber å støtte både store sceniske forestillinger og mindre produksjoner som kan komme andre folkemusikkarrangører til gode. I sesongprogrammet vårt setter vi et stempel på de produksjonene der vi har vært medprodusenter.

# KJØP SESONGKORT FOR VÅREN 2017

Sesongkort kun kr. 1300,- / 800,- (student) i døra eller på riksscenen.no




**SESONGKORTET gir fri adgang til alle konserter som Riksscenen arrangerer alene – til våren er det over 50 konserter!**

Vi tar forbehold om at enkelte konserter kan bli utsolgt. Vi holder av et begrenset antall plasser til sesongkort inntil 15 min før konsertstart. Møt derfor opp tidlig for å sikre deg plass. Det er ikke mulig å reservere billetter på sesongkort.

Sesongkortet gjelder ikke når Riksscenen brukes av eksterne arrangører eller på samarbeidsarrangementer med delt økonomi. Disse arrangementene er merket både på nettsidene våre og i programmet. Kortet er personlig og legitimasjon må alltid framvises. Adgangsbillett til det enkelte arrangement må hentes i billettluka pga. vår besøkstatistikk.

Sesongkort gjelder ikke arrangementer merket med *




Sesongkort kun kr. 1300,- / 800,-

## KONSERTKALENDER VÅR 2017

## JANUAR

**JAN**
FEB
MAR
APR
MAI

| | | | |
|---|---|---|---|
| TORSDAG 19 | FREDAG 20<br>**AASLAUG VAA (FILM) & KVEDARAR & DANSEFEST** | LØRDAG 21<br>**FLIFLET/HAMRE** | SØNDAG 22<br>**KNUT EGIL KRISTIANSEN**  |
| MANDAG 23 | TIRSDAG 24 | ONSDAG 25 | TORSDAG 26<br>**LADY HARDANGER** |
| FREDAG 27<br>**SNAKKA SAN & SVER & JIGJAM** | LØRDAG 28<br>**JORGE CORDERO Y LOS GRAN DANESES** | SØNDAG 29<br>**RØYNSTRAND & WETTERHUS** | MANDAG 30 |

# KONSERTKALENDER VÅR 2017

## FEBRUAR

JAN
**FEB**
MAR
APR
MAI

Sesongkort kun kr. 1300,- / 800,-

www.riksscenen.no

KONSERTER
BARNEFORESTILLINGER
SCHOUS KULTURBRYGGERI
FORESTILLINGER & DANS

RIKSSCENEN

SESONGKORT **VÅR** 2017

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | TORSDAG 02<br>**FRODE HALTLI M/ SHARMA/SEIM/ SAHAJPAL**<br>MÅNEDENS ARTIST | FREDAG 03<br>**NIILAS** | LØRDAG 04<br>**SAMISK NASJONALDAG - FESTKONSERT**<br>NYPRODUKSJON | SØNDAG 05<br>**HUGNAD UNGDOMSLAG / MARTIN MYHR** |
| MANDAG 06 | TIRSDAG 07 | ONSDAG 08 | TORSDAG 09<br>**PÅL BRATÅS TRIO / ANNAR BY** | FREDAG 10 | LØRDAG 11<br>**DANSEFEST: SKRAM/GJENDEM & BJØRKÅS KVINTETT & SMÅVILTLAGET** | SØNDAG 12 |
| MANDAG 13 | TIRSDAG 14 | ONSDAG 15 | TORSDAG 16<br>**AHLBERG, EK & ROSWALL**<br>**MJELVA/WEST** | FREDAG 17<br>**FRODE HALTLI - AVANT FOLK**<br>MÅNEDENS ARTIST<br>NYPRODUKSJON | LØRDAG 18<br>**EMBLA & ANITA VIKA LANGØDEGÅRD**<br>NYPRODUKSJON | SØNDAG 19<br>**EMBLA WORKSHOP** |
| MANDAG 20 | TIRSDAG 21 | ONSDAG 22 | TORSDAG 23<br>**DANSEKONSERT: HEGG/HOLMEN/ JOHANNESSEN** | FREDAG 24<br>**HUUN-HUUR TU & VASSVIK** | LØRDAG 25<br>**FRODE HALTLI: DA GRUEKJERKA BRANN**<br>MÅNEDENS ARTIST<br>NYPRODUKSJON | LØRDAG 26<br>**KNUT BUEN** |
| MANDAG 27 | TIRSDAG 28 | | | | | |

# KONSERTKALENDER VÅR 2017

## MARS

JAN
FEB
**MAR**
APR
MAI

| MANDAG | TIRSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG | LØRDAG | SØNDAG |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 01 | 02 **VEGAR VÅRDAL / HALEYS COMET** PLATESLIPP | 03 **SOFIA JANNOK TRIO** | 04 **AMORES TANGOS** | 05 **OFTEDAL/SVIDAL** |
| 06 | 07 | 08 **TUUP: THE KING AND THE CORPSE** | 09 **MOLDESTAD/ NORDSTOGA/ SVER** | 10 **FOKUS MIDT NORGE** | 11 **FOKUS MIDT NORGE** | 12 |
| 13 | 14 | 15 | 16 **ERLEND VIKEN TRIO** PLATESLIPP | 17 **ST. PATRICKS DAY: SOCKS IN THE FRYING PAN & ANDERS LILLEBO TRIO** | 18 **KNUT BUEN - I TEKST OG TONAR** MÅNEDENS ARTIST | 19 **MEG OG KAMMERATEN MIN** |
| 20 | 21 | 22 | 23 **PUHTI** | 24 **XABIER DIAZ** **PROGRAMSLIPP FØRDE-FESTIVALEN** | 25 **TRAD.ATTACK & SÅNN SKA DET VÆRE!** | 26 **TEIGLAND & SULHEIM** |
| 27 | 28 | 29 | 30 **MAIJA KAUHANEN & VRANG** | 31 **ELLE MÁRJÁ EIRA** **KNUT BUEN - SLÅTTAR** MÅNEDENS ARTIST | | |

Sesongkort kun kr. 1300,- / 800,-



KONSERTKALENDER VÅR 2017

APRIL

JAN
FEB
MAR
**APR**
MAI




| MANDAG | TIRSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG | LØRDAG | SØNDAG |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | 01 **DANSEFEST: VABØ/KÅSA/ BRABANT/ BOLSTAD/GJEVRE /WESTBERG** | 02 **BUEN GARNÅS / VAA** |
| 03 | 04 | 05 **LIAHAGEN & ELLINGSEN: BYTTING** NYPRODUKSJON | 06 **ERLEND APNESETH - BESTILLINGS-VERK FØRDE-FESTIVALEN** | 07 | 08 | 09 |
| 10 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 | 16 |
| 17 | 18 | 19 | 20 **THE GOODBYE GIRLS** | 21 **ULLA PIRTTIJÄRVI & ULDA** | 22 **HANNE TVETER** PLATESLIPP | 23 **FOLKEPEDIA** |
| 24 | 25 | 26 | 27 **COMBONATION** | 28 | 29 **UNNI BOKSASP ENSEMBLE** NYPRODUKSJON | 30 **FOLKEDANSLAB VÄKEVÄ COLLECTIVE** |

MAI

JAN
FEB
MAR
APR
**MAI**

| | | | |
|---|---|---|---|
| TORSDAG 04 **EIGENTLEG ANDRE INSTRUMENT SENIOR** | FREDAG 05 **VÄSEN & DREAMERS CIRKUS** | LØRDAG 06 **VÅGÅ: IKKJE VER BLUG, KYSS MEG!** | |
| SØNDAG 07 | MANDAG 08 | TIRSDAG 09 | |
| ONSDAG 10 | TORSDAG 11 | FREDAG 12 **AMOC & THE BOOGIEMEN** | LØRDAG 13 |

JUNI

| | | |
|---|---|---|
| TORSDAG 01 | FREDAG 02 **NMH EKSAMENS-FESTIVAL** | LØRDAG 03 **NMH EKSAMENS-FESTIVAL** **MUSIKKFEST: SCHOUS 2017** |

ÅPEN KLASSE

**Fredag 20. januar**

# «KVAR SONG EI SOGE» & KVEDARAR & DANSEFEST

**ÅPNER 19.00 KONSERT 20.00 BILLETT 200/120**



**Kvar song ei soge**
Amanda-nominert for beste dokumentar!
Regissøren Aslaug Vaa har tidligere produsert flere kortfilmer og regissert den prisbelønte *«Sing Singeling»*.

Opp gjennom hundreåra har songtradisjonen, eller kvedinga, hatt ein viktig plass i norsk kultur. *«Kvar song ei soge»* er ein film om dei som syng, som set pris på og fører desse songane vidare den dag i dag.

I songen skaper folk rundt Møsvatn, høgt til fjells, 900 moh. og tett på Hardangervidda, meiningsfulle forteljingar i og om liva sine. Songane bind saman fortid og framtid, minne og forventningar. I eit ubrote samspel fortel songen historier og skaper historie. Slik blir kulturarven levande i kvardag og fest frå vogge til grav.

Filmen handlar om å ta vare på ein eldgamal tradisjon og å utvikle han vidare.

**Konsert**
Før filmen vert det konsert med fem av songarane i filmen. Hillborg Romtveit, Inger Lien, Halvor Nordjordet, Kjell Hove og Marthe Nordjordet er alle røynde songarar og tradisjonsberarar frå Møsstrond og Rauland.

**Dansefest**
Etter filmframsyninga vert det dans til hardingfeletonar av spelemennene Lars Erik S. Øygarden og Trygve Vaagen. Båe to er med i filmen om folket og folkemusikken der oppe i fjellheimen.

*Aaslaug Vaa - regissør av «Kvar song ei soge», Inger Lien - vokal, Hillborg Romtveit - vokal, Marthe Nordjordet - vokal, gitar, Kjell Hove - vokal, Halvor Nordjordet - vokal, Lars Erik S. Øygarden - hardingfele, Trygve Vaagen - hardingfele*

ÅPEN KLASSE

Lørdag 21. januar

# GABRIEL FLIFLET / OLE HAMRE

**ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 250/150**

**Gabriel Fliflet og Ole Hamre avrunder sitt sølvbryllupsår - på Riksscenen**
Etter 25 års samliv er de to kameratene mer samspilte, mer poetiske og mer modne enn noensinne – og energien flyter fortsatt fritt. Det de har tapt i dumskap, har de tatt igjen i visdom – sånn rent musikalsk. Ikke rart de er blitt enige om å satse på 25 nye år!

Rå balkantoner dundres ut mellom vare nordiske moll-perler og jødiske ettertenksomheter, norske kystmelodier eller italienske partisansanger. Og Harald Sæverud dras med på 9-takts-kalas hos serbiske sigøynere...

Iblant lar Ole Hamre trommene hvile, og lager vakker og uhørt musikk på melodika eller sitt eget gryteinstrument hamrofonen – eller tar på seg steppeskoene!

Fliflet/Hamre fører sammen musikk av ulikt opphav, og skaper et eget, personlig landskap. Både folk med lakksko, bunad, sorte skinnjakker og cowboyhatter lar seg villig føres rundt i deres fargerike hage! Kontrastene er store, men opplevelsen hel.

Fliflet/Hamre - 25 år som energiforsyning

*Gabriel Fliflet - trekkspill, vokal, Ole Hamre - trommer, vokal m.m*



LILLERIKSEN

Søndag 22. januar

# LilleRIKSEN for barnefamilier

## TROMMESHOW MED KRISTIANSEN

**ÅPNER 12.30 KONSERT 13.00 BILLETT 50**

Kom og spill på gryter, lokk, bjeller og trommer – opplev et forrykende trommeshow med Knut Egil og LilleRIKS-vert Vegar Vårdal.

Knut Egil Kristiansen liker å leke med lyder, rytmer og trommer. Han har med seg et mangfold av rytmeinstrumenter – alt for å lage fine rytmer med forskjellige klanger. Bli med på lek og spill! I løpet av dagen skal vi lage rytmer som vi kan spille sammen med andre, og hvem vet om vi kanskje lager en helt ny halling?
Knut Egil jobber som slagverklærer i kulturskolen, og i tillegg reiser han for Den kulturelle skolesekken / Rikskonsertene med slagverksensemblet PercUP! og Folkemusikkverkstedet. Han er kunstnerisk leder av Nordsjøfestivalen i Farsund, en folkemusikk- og folkedansfestival i Vest-Agder.



*Knut Egil Kristiansen - trommer, Vegar Vårdal - vert*

FOLK PÅ TORSDAG

Torsdag 26. januar

# LADY HARDANGER

**DØRENE ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 200/120**



Lady Hardanger reiste frå Vestlandet, ramla i gumbogryta i Louisiana og fann vakre popviser i undergrunnen i Berlin. Slik enda dei opp med å spele ei frisinna blanding av cajunmusikk, old time, calypso, pop og norsk tradisjonsmusikk.

Kven er så Lady Hardanger? Kanskje er det ho som spelar på det norskkonstruerte sløydinstrumentet mandolaika. Eller han som slår på det øyredøyvande støypejernstriangelet som cajun-folket bøygde av sine eigne utslitne jordbruksreiskapar.

Lady Hardanger er ikkje så opptatt av roller, sjølve er dei både barndomsvenner, elskarar, eksar og naboar. Og om låtane dei spelar, ikkje alltid fortel deira eiga historie, så fortel dei – som gode låtar skal – direkte og ærleg om livet, lidinga og kjærleiken.

*Ingeleiv Berstad - vokal, fele , Anne Lise Frøkedal - vokal og gitar ,*
*Ingemund Askeland - banjo, munnspel, vokal , Olav Christer Rossebø - fele, mandolin, vokal*



Fredag 27. januar

# SNAKKA SAN & SVER & JIGJAM

**ÅPNER 20.00   KONSERT 21.00   BILLETT 220/175**

**Snakka San & SVER** er eit unikt møte mellom den svenske reggae-/dancehallartisten Snakka San og det norsk-svenske folkrockbandet SVER. Samarbeidet byrja i 2012, og sidan har dei hatt fleire låtar på radiolistene i begge heimlanda, mellom anna *«Bom Bom Blam Blam Blam»* og *«Bankman Gangster»*. Bandet har spelt på klubbscener og festivalar over heile Skandinavia og Tyskland og er eit utruleg bra liveband som er kjenneteikna av ein ustoppeleg energi og ei enorm speleglede.

Med Snakka San, ein av Sveriges råaste utøvarar i dancehall-sjangeren, i front og med folkemusikkbandet SVER som backing blir det fullt trykk frå fyrste tone. Snakka San & SVER lanserte den nyaste singelen sin, *«Bryt Tystnaden»*, i november 2016, og endeleg er det klart for Folkhall i Oslo att!

*Snakka San - vokal*
*Jens Linell - trommer*
*Olav Luksengård Mjelva - fele, hardingfele*
*Anders Hall - fele , viola*
*Leif-Ingvar Ranøien - durspill*
*Adam Johansson - gitar*

**JigJam** er det nye stjerneskotet i Irland innanfor det som mange kallar *«Keltgrass»*. Fusjonen av irsk musikk, musikk frå Apallachane og bluegrass har fått mange strenger å spele på dei siste åra, men få, om nokon, gjer det like bra som denne unge kvartetten. Dei sleppte debutskiva si *«Oh Boy»* i 2014 og følgde opp med *"Hello world"* i 2016, begge til stor åtgaum nasjonalt og internasjonalt, og er i tillegg kjende for å levere forrykande livesett.

*«JigJam are as close to authentic as you can get without having been raised on grits and fried squirrel»* - Sean Laffey, Irish Music Magazine.

*Jamie McKeogh - vokal, gitar, banjo*
*Daithi Melia - banjo, vokal*
*Cathal Guinan - kontrabass, fele, vokal*
*Gavin Strappe - banjo, mandolin, vokal*

Lørdag 28. januar

# JORGE CORDERO Y LOS GRAN DANESES

**ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 250/150 (KUN KONSERT)**
Pris pr. workshop kr 175 / Pakke med begge workshops og konsert kr 450 (max 30 plasser)

**Danseworkshop:**
175 kr: 1 workshop
450 kr: 2 workshops & konsert (maks 30 plasser. Kun forsalg i et begrenset tidsrom).

Det er mange suksesshistorier om dansk popmusikk i utlandet, men at et salsaband har tilsvarende suksess er noe man ikke hører om så ofte. Jorge Corderos orkester mestrer denne kunsten og gjentar suksessen år etter år. Både på scenen i Skandinavia og blant salsa-folk i resten av Europa nyter orkesteret stor respekt på grunn av sin høye musikalske kvalitet, noe anmeldere verden over kan bekrefte. En av de store Latin-autoriteter i England, DJ Lubi, syns at Jorge Cordero y Los Gran Danes er *«pretty heavy and very Cuban»* (fra musikkmagasinet Straight No Chaser). Dette burde altså borge for en dansevennlig og energifyllt kveld på Riksscenen for den som liker å lytte til og svinge seg til salsa og timba.

**Danseworkshop med Maikel Angel**
16.00 –17.15: Salsa con ritmos cubanos
Tema for denne workshopen er bruk av ulike cubanske rytmer, som cha cha cha, rumba, son mfl. når man danser salsa. Nivå for å kunne delta: danset salsa i minst seks måneder.

17.30 –18.45: Rueda de Casino de la calle
Rueda de Casino er cubansk salsa danset i ring med flere par, en variant av salsa med mye lek og som ofte blir danset ute på gata på Cuba. *«Gate-rueda»* er en fin blanding av nyskapninger og godt etablerte figurer. Nivå for å kunne delta: danset rueda i minst seks måneder.

Danseinstruktør Maikel Angel, alias dj Maikel, er bosatt i Skien og er en allsidig aktør innen cubansk kultur i Norge. Han var tidligere danser i den berømte kabareten Tropicana i Havanna.

*Jorge Cordero - sang, gitar, Mick Cordero - piano, kor, Henri Benitez Hourrutinier - sang, perkusjon, Yoandri Pelier Palacio - bass, Oslen Ceballo Brian - trompet, Yuliesky Gonzalez Guerra - trompet, Jakob Johansen - trombone, Peter Hayter Ehler - congas, Tony Moreaux Charon - bongo, "Vikingo" Yannik Hartig - trommer, timbales, Maikel Angel Oñi - dj & danseinstruktør*





Søndag 29. januar

# ALEXANDER RØYNSTRAND & THOV WETTERHUS

**ÅPNER 14.00 KONSERT 15.00 BILLETT 200/120**

To relativt unge menn i sin aller beste alder delar scene for fyrste gong sundag 29.januar, og publikum får sjå og høyre Alexander Aga Røynstrand og Thov Wetterhus alldeles Tett på.

Thov Wetterhus frå Nore har vunne landskappleiken på munnharpe ikkje mindre enn fem gonger. Det energiske eggande spelet har blitt ein favoritt blant både publikum, dansarar og dommarar dei seinaste åra, og den knallharde grooven hass har blitt lagt merkje til av musikarar langt utanfor folkemusikken.

Alexander Aga Røynstrand kjem frå Granvin i Hardanger. Han byrja å spela hardingfele med Knut Hamre som lærar i kulturskulen berre 7 år gamal, og har seinare hatt læremeistarar som Åse Teigland, Steinar Rygg, Jan Beitohaugen Granli, Torgeir Straand, Frank Rolland, Susanne Lundeng og Øystein Velure for å nevne nokon.

Etter konserten kjem generalen for folkemusikkens svar på bokbadet, Ola E. Bø, på podiet og har ein uformell samtale om store og små viktige ting med dei to karane.

*Alexander Aga Røynstrand - hardingfele, Thov Gudbrand Wetterhus - munnharpe*







# Øyeblikkets magi

*«Samtidsmusikken, jazzen og folkemusikken. De utgjør et triangel hvor jeg nærmer meg de forskjellige punktene på ulikt vis.»*

Frode Haltli er umulig å sette i bås, og lettere blir det ikke når han som Månedens artist inntar Riksscenen med tre svært ulike prosjekt. Han begynner med å ta oss med til India!
- *I 2015 dro Trygve og jeg på turné til Dehli og Punjab-regionen sammen med tablasspilleren Jai Shankar Sahajpal og sangeren Sunanda Sharma. Det var fint å møte et indisk publikum! Man har av og til en følelse av at kjennere av indisk musikk kan være litt snobbete – de klapper og roper og jubler over en fin frasering, og det kan gi prestasjonsangst for en som ikke er vokst opp i indisk musikk. Men de ga oss norske musikere den samme, positive responsen. De ga meg følelsen av å være i en nasjon som elsker musikk. Vi følte at vi var velkommen.*

Nå tar kvartetten med seg nordindiske og norske folketoner opp på Riksscenen og prøver å bygge en bru mellom tradisjonene.
- *VI er glad i å improvisere, ganske enkelt. Vi har ingen agenda, det er rett og slett et møte mellom musikere.*

Frode Haltli er født i Sør-Trøndelag, men vokst opp i Våler i Solør, så jeg spør om Finnskogen er i bånn av alt han gjør.
- *Da jeg begynte å interessere meg for gammel folkemusikk, fant jeg Eivind Grovens førkrigsopptak med Gustav Kåterud på NRK. Han var fra Våler og spilte nok i en tradisjon som holdt på å dø ut på den tida, for da jeg vokste opp var det nesten bare trekkspill. Siden har folk som Sinikka Langeland og Atle Lien Jenssen gjort mye for folkemusikken i distriktet, og interessen for den kom til meg etter hvert. Det var samtidsmusikken jeg begynte med, da jeg ga meg ut i musikkens verden.*

Hvilket forklarer overskriften til hans andre oppsetning, som går under overskriften *«Avant Folk»*, hvor et spellemannslag med ti musikere entrer scenen, i tradisjonelt bandformat med bass, trommer og gitarer, men utvidet med felespillere, blåsere og trøorgel. Avant Folk - navnet sier kanskje alt?
- *Et stort format som dette er ikke enkelt å realisere i en musikers vanlige, hektiske hverdag, og muligheten Riksscenen gir meg her er helt unik. Samtidig er det viktig å poengtere at vi ikke er skal realisere min idé, men realisere noe sammen. Vi møtes i to dager for å øve og så er det fritt frem. Jeg har ganske bestemte føringer, men gir samtidig stor frihet til musikerne. Det er viktig for meg at det ikke blir strømlinjeformet, men at det er et sted som er åpent.*

Og så blir det en makaber dans til slutt. Første pinsedag 1822 døde 133 mennesker da de brant inne i Grue kirke i Solør. Denne hendelsen er utgangspunktet for Frode Haltlis tredje forestilling på Riksscenen.
- *Puken (djevelen) selv satt i kirketårnet da det brant. Det var utgangspunktet for en tradisjonell polsdans som er godt kjent i distriktet. Det er en livlig polsdans, så puken var fornøyd! Denne polsdansen er en slags kilde til det som hendte, men jeg har også funnet frem en beskrivelse av selve hendelsen, skrevet i viseform til en gammel salme fra den tida. Den tredje kilden er Peter Wessel Zapffes «Lyksalig pinsefest», hvor han i romans form beskriver hendelsen og lar den være utgangspunkt for en filosofisk diskusjon som ender opp med kraftig religionskritikk.*

Helt til slutt skal musikerne rett og slett spille til dans!
- *Jeg tar med noen dansere og så håper jeg publikum hiver seg med. Dette er spennet for kvelden, og det synes jeg rett og slett er kjempekult! Det begynner med tragedien og ender på Finnskogsfest, det ender på lokalet!*

Torsdag 02. februar

# FRODE HALTLI M/ SHARMA/SEIM/ SAHAJPAL

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 200/120**



**Shankara**
Norsk-indisk mestermøte. Sunanda Sharma er en av vår tids store stemmer i indisk raga. Hun er bosatt i Dehli men har ved flere anledninger deltatt på saksofonist Trygve Seims kult-konserter The Source of Christmas og The Source of Summer. Tabla-spiller Jai Shankar Sahajpal kom til Norge som ettåring, og deler nå tiden sin mellom India og Norge. I 2000 spilte han med Frode Haltli for første gang. I januar 2015 turnerte denne gjengen sammen i Dehli og Punjab-provinsen med fotograf Knut Bry på slep. Nå spiller de for første gang i Norge som kvartett.

*Frode Haltli - trekkspill, Sunanda Sharma - vokal, Jai Shankar Sahajpal - tabla, Trygve Seim - saksofon*



Fredag 03. februar

# NIILAS

**ÅPNER 20.00**
**KONSERT 22.00**
**BILLETT 200/120**



Den unge produsenten Niilas er en spennende nykommer på Norges elektronikascene. Han har høstet god kritikk både i norsk og internasjonal presse. Med røtter fra Kåfjord bruker Peder Niilas Tårnesvik sitt samiske mellomnavn som artistnavn. Han ble plukket ut av P3 2015 som Ukas Urørt. Han har vært ukens dj hos P3 Ruben to ganger, og spilt på den internasjonale urfolksfestivalen Riddu Riđđu.

I 2016 leverte Niilas en knallsterk debut med EP-en *«Memoraids»*. Debuten fikk både BT og BA i Bergen til å trille femmere, og den ble premiert på Red Bull Music. Niilas lager bløt elektronika, i hard stil og høyt tempo, og er kjent for heftige show som får folk til å danse som de aldri har danset før. Sammen med artister som blant annet Röyksopp og Cashmere Cat føyer Niilas seg inn i rekken av nordiske elektronika-artister i verdensklasse.

Niilas har utrettet utrolig mye på kort tid. Fredag 3. februar kan du oppleve alt stjerneskuddet har å by på, i kjelleren på Riksscenen!

*Niilas - dj*

**Lørdag 04. februar**

# SAMISK NASJONALDAG FESTKONSERT

## ÅPNER 19.00 KONSERT 20.00 BILLETT 220/150






**Tradisjonell og nyskapende samisk festaften**
Riksscenen innlemmer seg i nasjonaldagsprogrammet til den samiske befolkningen i Oslo. Vi varmer opp med en festaften og gjentar oppskriften fra tidligere år med både tradisjonell joik og nyskapende samisk vokal og musikk. Elin Kåven kommer med to musikere, og Ellen A. Oskal-Spein presenterer sitt nye samarbeid med gitarist Frode Barth. Niko Valkeapää vil som tidligere være joikende konferansier med sine trofaste musikere under ledelse av Georg Buljo.

Elin Kåven er en etablert samisk artist og låtskriver med kallenavnet *«Den arktiske alven»*. I 2016 ble hennes siste album nominert til *«Preis der deutschen Schallplattenkritik / German Record Critics Award»* – en musikkpris etablert av 127 musikkritikere i Tyskland.

Ellen A. Oskal-Spein er en tradisjonell joiker som har holdt mange konserter i Norge, Finland og i Sverige. Hun har vunnet joikekonkurransen under Samisk Grand Prix og er medlem av det nordiske koret *«Sami Jienat»* der hun har hatt solistiske oppgaver.

Frode Barth er en improviserende musiker, men er samtidig aktiv som komponist med produksjon innen scenemusikk, seriøs musikk, jazz, pop/rock og film-musikk.

Niko Valkeapää har etablert seg som en av de viktigste bidragsyterne til samisk samtidskultur. Han vant to Folkelarm-priser i 2008, Spellemann for sin debutplate, har reist verden rundt med sin samiske musikk, og har på sin siste plate også tatt opp arven etter sin gudfar Nils-Aslak Valkeapää med å bruke joik som utgangspunkt.

Georg Buljo er kapellmester for årets festkonsert. Han var Årets Profil under Festspillene i Nord-Norge 2015 og Årets samiske artist 2014. Buljo har utgitt soloalbumet *«Saxapahaw»* og plata *«Neve»* og komponert flere bestillingsverk med egen musikk. Han er gitarist, komponist og produsent blant annet for Mari Boine og Niko Valkeapää.

Per Willy Aaserud har jobbet som utøvende scene- og studiomusiker siden 1991, hovedsakelig innen sjangrene jazz, pop, rock, afrocubansk og ulike improvisasjonsformer. Han jobber fast med Niko Valkeapää for å nevne noe.

Christian Svendsson er trommeslager fra Karlstad og turnerte i ti år med Hedningarna. Han har også jobbet med Harv, Bruvoll/Halvorsen, Outhouse Allstars for å nevne noen.

Helge Harstad er frilansmusiker og pedagog, utdannet cand.philol. ved Universitetet i Oslo, med musikk som hovedfag. Harstad spiller i Valkeapääs faste band og Gisle Børge Styve Trio.

*Georg Buljo - gitar, kapellmester, Niko Valkeapää - joik, vokal, konferansier,*
*Christian Svensson - trommer, elektronikk, Helge Harstad - bass, barytongitar,*
*Per Willy Aaserud - trompet, synth, Elin Kåven - vokal, Espen Wensaas - gitar,*
*Daniel Lazar - fele, Frode Barth - gitar, Ellen Oksal - joik*



Søndag 05. februar

# LilleRIKSEN for barnefamilier

## HUGNAD UNGDOMSLAG OG MARTIN MYHR GJER BYEN!

**ÅPNER 12.30 KONSERT 13.00 BILLETT 50**

I Hallingdal er det ikkje uvanleg at gradestokken kryp langt forbi det som er forsvarleg på vinteren, men dei som bur der har opp gjennom tidene lært seg til å handtere dette på verdas beste måte. Martin Myhr har gjennom mange år inspirert og engasjert ungdommane på heimplassen til å byte ut oljefyringa med sprett, hopp, speling, kast, snurring, kveding og ikkje minst spark. Denne gjengen med ungdommar er eit av Noregs mest aktive ungdomslag, og i februar vil dei gi oss liv og leven og varme som berre dei frå Hallingdal kan. LilleRIKS-vert Vegar Vårdal klarer heller ikkje å sitje stille, så han har teke turen frå kalde Gudbrandsdalen og er med på å varme opp storstua for folkemusikk og folkedans denne søndagen.

*Hallingdal Juniorlag* – Her er det ungdommar i alderen 9 til 19 som kjem frå Hugnad Ungdomslag i Hallingdal. Dei spelar fele, langeleik, hardingfele og dansar og syng.

*Martin Myhr* – Martin er ein av Noregs få profesjonelle hallingdansarar, ein ivrig entusiastisk dansar og ein god pedagog for barn og unge.





Torsdag 09. februar

# PÅL BRATÅS TRIO & ANNAR BY

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 200/120**

**Annar By** fra Elverum står for fantastisk og særegen vokal på gitarvirituost komp og slåttespell. Han har jobbet med lokal folkemusikk fra Hedmark i mange år og serverer tradisjonelle viser og stubber pluss nye melodier til dikt av ymse forfattere. Annar har gitt ut soloplata *«Folk, gitar og sang»* som han mottok Folkelarm-prisen for i 2006, og har medvirket på en mengde andre utgivelser.

*Annar By - gitar, vokal*

**Bratås trio** er en hedmarksbasert gjeng som leverer instrumentalmusikk som primært er hentet fra Numedal og Hedmark. På repertoaret står bl.a. vals, polka og springar, polsdans, reinlender og halling.

Musikken skreddersys til trioens besetning, som er torader/trekkspill, gitar og bass.

Bratås trio har en forkjærlighet for groovy låter, og de liker seg best når de får leke med rytmiske figurer og legge nyskrevne riff under de gamle låtene.

*Pål Bratås - torader, trekkspill*
*Annar By - gitar*
*Bjørn Thomassen - bass*







DANSESCENEN

Lørdag 11. februar

# DANSEFEST:
## BJØRKÅS KVINTETT & SMÅVILTLAGET & SKRAM/GJENDEM

**ÅPNER 19.00 START 19.30 BILLETT 220/150**

**19.30**
**Eg visste ikkje du kunne danse**
Interaktiv danseframsyning basert på folkemusikk og dans frå Romsdal. Folkemusikar **Britt Elise Skram** og folkedansar **Anna Liv S. Gjendem** har samla inn musikk og dans frå Romsdal og skapt ei framsyning om å overvinne angsten for å dumme seg ut, om å komme seg ut på golvet og gleda over å vere med i dansen.

*Anna Liv Skjelten Gjendem – dans, Britt Elise Skram – fele, Stefan Olsen – lys/lyd*

**20.30**
I år er det landskappleik på Røros og landsfestival på Oppdal. For å markere dette held me kræsjkurs i folkemusikkfestival med kurs i rørospols og gammaldans i forkant av kveldens dansefest.

For å halde på temaet utover kvelden er det dei to strålande gruppene Bjørkås Kvintett frå Oppdal og Småviltlaget frå Røros som står på scenen og leverer gammaldans og pols av høgste kvalitet.

**Småviltlaget,** frå Røros og omegn, vart starta heilt attende i 1994, og har sidan den gong fått tusenvis av danseglade publikummarar til å svinge seg i inn- og utland med sitt drivande dansespel.

**Bjørkås Kvintett** frå Oppdal er ein av landets aller fremste gammaldansgrupper dei seiste åra. Med felespelaren Knut Håvard Bjørkås i front, har kvintetten sidan oppstarten i 2012 allereie rukke å vinne landsfestivalen i gammaldans og spelt på dansefestar over heile landet.




FOLK PÅ TORSDAG

Torsdag 16. februar

# AHLBERG, EK & ROSWALL OG MJELVA/WEST

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 200/120**

**Ahlberg, Ek & Roswall** har med blendande samspel, fantasifulle arrangement og sitt nøye utvalde repertoar etablert seg som ein av dei mest spanande og populære banda på den svenske folkemusikkscenen. Trioen har reist verda rundt og spelt på dei største folkemusikkfestivalane der ute til stor åtgaum. Musikalsk vekslar inspirasjonen til trioen mellom populær- og barokkmusikk, med stor spennvidde både klanglig og i arrangement. Alt framført med ein alldeles uimotståeleg groove.

*Emma Ahlberg - femstrengs fele, Daniel Ek - harpegitar, Niklas Roswall - nyckelharper*

**Olav Mjelva / Eli West**
Norsk *«Folk»* møter amerikansk bluegrass. Kom og opplev eit unikt møte mellom vokalist og multiinstrumentalist Eli West frå Seattle i USA og vår eigen fele- og hardingfelemeister Olav L. Mjelva.

Olav L Mjelva er ein av landets mest profilerte folkemusikkutøverar. Me kjenner han godt som felespelar gjennom band som The Nordic Fiddlers Bloc, SVER og Rydvall/Mjelva, samt mengder frilans- og solooppdrag.

Eli West er kjend som vokalist og ikkje minst som instrumentalist. Han trakterer gitarar, bouzouki, pedalsteel og banjo saman med nokon av dei største navna innan amerikansk folk og bluegrass i dag, m.a. Cahalen Morrison, Tim O'Brien, Jayme Stone, John Reischman, Tony Furtado m. fl.

Dei to treftest på ein av sine mange turnéar, og gjennom felles interesse for tonaliteten og klangen i tradisjonell musikk har dei no sett seg mål om å gjeva ut album saman i 2017/2018. Det er spiren til den utgjevinga de kan høyre på Riksscenen i februar.

*Olav L. Mjelva - fele, hardingfele, Eli West - vokal, pedalsteel, banjo, gitarar*



MÅNEDENS ARTIST NYPRODUKSJON

Fredag 17. februar

# FRODE HALTLI - AVANT FOLK

**ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 250/150**

**Avant folk**
Frode Haltli samler et stjernelag av musikere til et spellemannslag utenom det vanlige. Avant folk bruker tradisjonsmusikken som et utgangspunkt for eksperimentering, improvisasjon og pur samspillsglede. Musikerne har bakgrunn fra de fleste musikkformer man kan tenke seg, så her kan alt skje!

Frode Haltli startet tidlig å eksperimentere med folkemusikken, først i gruppa RUSK med Unni Løvlid og Vegar Vårdal, som ga ut to plater på Grappa i henholdsvis 2002 og 2006. Gjennom årene har han også deltatt i en rekke transkulturelle prosjekter rundt omkring i verden. I 2009 kom plata Passing Images på ECM, hvor Haltli tok med seg Arve Henriksen, Maja S.K. Ratkje og Garth Knox i en lyrisk utforskning av folkemusikk i retninger mot samtidsmusikk og fri improvisasjon. Han har utforsket dette videre bl.a. i duo med Gjermund Larsen, med Ragnhild Furebotten, og i gruppa Snowflake Trio med irske Nuala Kennedy og Vegar Vårdal. i 2015 komponerte han bestillingsverket Grenseskogen til Osa-festivalen på Voss, et prosjekt som også ble presentert på Riksscenen under Ultima 2016. Med Emilia Amper på nøkkelharpe og slagverkerne Eirik Raude og Håkon Stene utforsket han i Grenseskogen mulige retninger folkemusikken kan ta. De turnerer fortsatt, bl.a. med flere konserter i USA i mars 2017.

*Frode Haltli - akkordeon, Erlend Apneseth -hardingfele, Hans P. Kjorstad - fele,
Rolf-Erik Nystrøm - saksofon, Hildegunn Øiseth - trompet, Ståle Storløkken - trøorgel,
synthesizer, Juhani Silvola - gitarer, Oddrun Lilja Jonsdottir - gitarer,
Fredrik Luhr Dietrichson - kontrabass, Siv Øyunn Kjenstad - trommer*



DANSESCENEN NYPRODUKSJON

Lørdag 18. februar

# EMBLA

**ÅPNER 19.00 KONSERT 20.00 BILLETT 190/130**

Dansegruppen **Embla** består av 8 unge kvinner, som danser tradisjonell og moderne dansk folkedans. Gruppen begynte at danse sammen i 2007, så denne forestillingen blir den første i deres 10. jubileumsår! Embla er den eneste dansegruppen i Danmark som arbeider med koreografert folkedans i moderne rammer. Gruppen har samtidig norsk premiere på showet *«Deg. Meg. Oss!»*

**Deg. Meg. Oss!**
Det er meg. Det er deg. Det er oss, og det er dem. Ingenting er bedre enn når musikk spiller, pulsen pumper, humøret er høyt og fellesskapet flyter gjennom dansen. Det ser fantastisk ut, men hva nå, hvis du ikke får være med? Har du overhode lyst eller elsker du din solodans? Er der plass til enda en? Kanskje kan det endres, så alle kan være med?

Embla tar dere med inn i en verden hvor dansens inkluderende og ekskluderende vesen utforskes.

Musikken til showet leveres av den unge folkemusikkgruppen ShotBox som består av tre energiske musikere. ShotBox ble i 2015 nominert til Årets Talent ved Danish Music Award Folk. Energi, samspill og glede er i fokus når ShotBox spiller opp, og de leverer sammen med danserne en forestilling.

*Rikke Rasmussen - dans,
Hanne Romme Henriksen - dans,
Julie Barsøe Larsen - dans,
Aviaja Lidsmoes - dans,
Line Guldbrand - dans,
Lisa Storm Smedegaard - dans,
Laura Hjerrild Andersen - dans,
Nanna Plesner-Petersen - dans,
Anelene Toft Christensen - fele,
Emil Ringtved Nielsen - bass,
Sebastian Boesgaard Bloch - gitar*

**Grip - Anita Vika Langødegård**
Å gripe tak i, å ta grep om, og å bli grepet av. Utøverne har ulike uttrykk, men en felles trygghet i valdresspringaren, og kjenner på det trygge, det begrensende, oppløftende, spennende og frustrerende i ulike grep.

Dette er en kort arbeidsvisning av en ny scenisk forestilling som senere vil bli satt opp på Riksscenen.

*Jan Beitoghaugen Granli - dans, fele,
Anita Vika Langødegård - dans, kunstnerisk idé*



Søndag 19. februar

# LilleRIKSEN for barnefamilier

## EMBLA WORKSHOP



**ÅPNER 12.30 START 13.00 BILLETT 50**

Har mange av dere vært i Danmark? Kanskje dere har tatt en tur i Tivoli i København, eller har dere bygget dere mette i Legoland?

Gruppen som i dag er på besøk her hos oss på Riksscenen skal lære oss danser og leiker fra Danmark, for de er veldig gode på akkurat det. De har vært i Norge mange ganger, og gleder seg masse til å treffe dere alle.

I tillegg til å lære dere noen dansetriks så skal de også vise dere noen av sine. Akkurat nå utforsker de det å danse alene, eller det å danse sammen med mange andre, og hva er egentlig forskjellen?

Litt som når vi trenger litt tid alene for å bare sitte helt rolig med en bok eller litt lego, så trenger også danserne i Embla litt tid til å danse sin egen dans. Men ofte er det jo slik at vi løper ut og leker med venner, og kanskje vi også noen ganger kan sitte alle sammen å lese en god eventyrbok, eller vi kan bygge et stort tivoli sammen av all den legoen som vi finner i lekekassen? Om det er slik at dere ikke forstår hva Embla sier fordi de snakker dansk, så er LilleRIKS-vert Vegar Vårdal der for å hjelpe til.

Embla begynte å danse sammen i 2007, så i år har de faktisk 10 års jubileum!

*Rikke Rasmussen - dans*
*Hanne Romme Henriksen - dans*
*Julie Barsøe Larsen - dans*
*Aviaja Lidsmoes - dans*
*Line Guldbrand - dans*
*Lisa Storm Smedegaard - dans*
*Laura Hjerrild Andersen - dans*
*Nanna Plesner-Petersen - dans*

*Anelene Toft Christensen, fiolin*
*Emil Ringtved Nielsen, el-bass*
*Sebastian Boesgaard Bloch, gitar*





Torsdag 23. februar

# HEGG/HOLMEN/JOHANNESSEN

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 180/120**

**Dansekonsert**
Årets fyrste dansekonsert i serien Folk på Torsdag er ein godbit for alle danse- og musikkglade folk der ute. Det vert bygdedans og gamaldans frå Telemark, Hallingdal og Valdres, samt pols med Silje Hegg, Ulf-Arne Johannessen og Sivert Holmen.

Silje Hegg frå Vinje i Telemark, har vunne landskappleiken på fløyte ikkje mindre enn fire gonger og er kanskje den fremste utøvaren på seljefløyte i landet. Ho er kanskje mest kjend frå tida i gruppa Blåmann Blåmann med m.a. Odd Nordstoga, men er også ein mykje bruka soloutøvar. Denne kvelden vert høve til å danse springarar og gangarar frå Telemark, samt rørospols til dei vakre tonane til seljefløyta hennar.

Valdrisen Sivert Andreas Holmen er eigentleg fødd i Vadsø i 1992, men flytta til Valdres då han var seks. I Valdres møtte han folkemusikken og det tok ikkje lang tid før han byrja å spela hardingfele, og er i dag ein av landets mest lovande unge spelemenn. Gjer deg klar til valdresspringar og runddans på hardingfele!

Ulf-Arne Johannessen spelar hallingspringar og hallingar på einrader som ingen andre, og denne kvelden tek han også med seg toraderen slik at runddansfolket skal få metta si. Ulf-Arne er sjølv dansar og det kan ein høyre på spelet hans som kjenneteiknast av det energiske drivet som dansarar attrår.

*Silje Hegg - fløyter, Sivert Holmen - hardingfele, Ulf-Arne Johannessen - einrader, torader*







Fredag 24. februar

# HUUN-HUUR-TU & VASSVIK

**ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 290/200**

**Huun-Huur-Tu** kommer fra den russiske republikken Tuva, på grensen til Mongolia. Konserten tar oss både med til de mest eggende rytmiske sanger med gjenklang av hestehover på steppene, til meditative melodier som reflekterer en dyp fred fra et storslått landskap.

Navnet på gruppen betyr solstråle og henviser til lyseffekten av soloppgang på steppene og hvordan lyset deles opp av gresset i morgendisen. Gruppen ble stiftet i 1992 og har utmerket seg med sin bruk av strupesang, sjamantromme og eldre tradisjonelle stryke- og blåseinstrumenter fra regionen.

Musikken deres er basert på gamle tuvanske folkesanger og Huun-Huur-Tu regnes i dag som de fremste utøverne i verden innen sin sjanger. Befolkningen har over flere hundre år utviklet sin versjon av sangteknikken overtonesang, som vi finner hos urbefolkninger rundt om i verden.

*Khovalyg Kaigal-Ool, Sayan Bapa, Radik Tyulyush, Alexei Saryglar*

**Vassvik**
Torgeir Vassvik frå Gamvik heilt nord i Finnmark, har motteke internasjonal merksemd dei seinaste åra for sin kombinasjon av joik, strupesong og rocka kammermusikk. Under haustens Womex i Santiago de Compostela, vart han, som ein av dei fyrste norske artistane nokon gong, invitert til å ha offisiell showcase, og konsertane vart ein snakkis blant dei internasjonale delegatane.

*«Mørkt som asfalt, lyst som solen, og det treffer deg midt i kroppen. En magnetisk og unik liveartist, og en av de mest fascinerende formidlerne av moderne samisk musikk»* har blitt sagt om musikken til Vassvik.

I tillegg til konsertar vert det bladslepp for Magasinet folkemusikk 1/2017, og sjølvaste redaktøren til blekka, Audun Stokke Hole, snurrar skiver mellom øktene.

Møt opp til Bakkjens Basar sin strupesong spesial på Riksscenen!

*Torgeir Vassvik - vokal, gitar, runebomme m.m., Kari Rønnekleiv - fiolin,*
*Kristin Alsos Strand - cello, Ole Henrik Moe - bratsj, Audun Strype - lyddesign*

MÅNEDENS ARTIST NYPRODUKSJON

Lørdag 25. februar

# FRODE HALTLI - DA GRUEKJERKA BRANN

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 250/150**



Kvelden starter med en pretalk med Professor Trond Nordby.

Da Gruekjerka brann – den historiske hendelsen fra 1. pinsedag 1822 da 113 mennesker brant inne i Grue kirke i Solør – danner bakteppet for denne konserten. Trond Nordby vil før konserten fortelle litt om bakgrunnen med utgangspunkt i lokalhistorie og Peter Wessel Zapffes bok *«Lyksalig Pinsefest»*, som bruker hendelsen i Grue som utgangspunkt for en filosofisk diskusjon.

Frode Haltlis *«Lyksalig Pinsefest»* blir hovedverket i første del av konserten hvor irske Garth Knox, felespilleren Vegar Vårdal og slagverkeren Amund Sjølie Sveen er sentrale medspillere. Annar By fra Elverum blir med og synger om den tragiske historien før vi rydder golvet og spiller opp til dans. *«Den polsdansen Puken spellte da Gruekjerka brann»* er en av de mest kjente polsdansene fra Solør, og her blir også svenske Patrik Andersson med på en dansefest av de sjeldne med musikk fra Finnskogen i sentrum.

*Frode Haltli - trekkspill*
*Garth Knox - viola d'amore, bratsj*
*Vegar Vårdal - fele*
*Amund Sjøli Sveen - slagverk*
*Patrik Andersson - fele*
*Annar By - vokal, gitar*

TETT PÅ MÅNEDENS ARTIST

Søndag 26. februar

# KNUT BUEN

**ÅPNER 14.00 KONSERT 15.00 BILLETT 200/120**



Denne søndagen vert det høve til å bli betre kjend med musikaren, kunstnaren og mennesket Knut Buen, som er månadens artist på Riksscenen i mars. Knut kjem frå ein lang familietradisjon innanfor folkemusikk og folkekunst, ein arv han har både vidareført og vidareutvikla gjennom ord, tonar og folkekunst.

Knut er blant våre beste og høgst dekorerte spelemenn. Det kan nemnast at han er statsstipendiat frå 1989, og at han vart slegen til riddar av 1. klasse av St. Olavs Orden i 1999. I tillegg har han vunne Spellemannprisen to gonger og motteke ei rekkje prisar og utmerkingar, m.a. Myllargutens gullmedalje 1979, Telemark fylkes kulturpris 1986, Hjartdal kommunes kulturpris 1989, Lindemanprisen 1992, Rff-prisen i 1993, vart heidersmedlem i Landslaget for Spelemenn 1998, mottok Hilmar Alexandersens musikkpris i 2007 og Gammlengprisen i 2008.

Det vert ein intim konsert med Knut Buen før Ola Bø kjem på podiet og har ei samtale med Knut om livet, folkemusikken og andre viktige ting slik at ein kjem endå tettare på tusenkunstnaren frå Tuddal.

*Knut Buen - hardingfele*



## Kulturbæreren

*«Han er folkemusikk. Han pustar og lever folkemusikk - vibrerer folkemusikk!»*
Slik beskrives Knut Buen av programleder Guri Skeie i Folkemusikktimen på NRK P2.

Og det er slik vi kjenner ham - på den aller første konserten på Riksscenen, før den offisielle åpningen, spilte selvfølgelig Knut Buen. Hardingfelespiller, forteller, forfatter, debattant, kulturformidler og tradisjonsbærer – Knut Buen er en bauta i norsk folkekultur. Ikke bare i musikken, han er for eksempel en kompetent rosemaler også!.

Samtidig er han ingen museumsgjenstand. Knut Buen har utviklet sin egen karakteristiske spillestil, men er også opptatt av å gjengi tradisjonsslåttene nær deres opprinnelige form. Han har vunnet en rekke kappleiker på hardingfele og har et repertoar på flere hundre slåtter, bygdedansslåtter og runddansslåtter. Samtidig har han spilt inn plater med musikere fra andre siden av kloden og har vist sannheten i det gamle devise at den som står trygt i egen kultur ikke har noe å frykte fra andres.

For ikke å snakke om den gang Vegar Tveitan fra det symfoniske metal-bandet Emperor ymtet frempå om et samarbeid mellom djevelsk metal og hardingfela, også kjent som djevelens instrument:
*- Jeg kom først i kontakt med Knut gjennom bookingjobben min på Juke Joint Studios på Notodden, og ringte til ham en gang derfra i forbindelse med en mulig jobb. Da fikk jeg en skikkelig skyllebøtte! Han var ferdig med den crossover-greia kunne han fortelle, så noe slikt var ikke aktuelt. Et års tid senere støtte vi på hverandre i parken på Notodden, da var han blid som en sol, og fremla interesse for et musikalsk samarbeid. Du skulle jo aldri gjøre noe slikt mer, svarte jeg forsiktig, hvorpå Buen repliserte med et smil: Vi er begge kunstnere, du har vel humørsvingninger du au!*
(sitat hentet fra ballade.no)

Men til Riksscenen kommer Knut Buen som Månedens artist i april, og da er det selvfølgelig folkemusikken som står i sentrum:

I den første opptrer Knut Buen alene under overskriften «*Med Knut Buen i ord og slåttespel*», hvor du kan forvente både slåttespill og ikke minst historiefortelling av høy klasse. Knut Buen kan sin historie, og han kan formidle den. Du kommer ganske sikkert ut fra denne kvelden som et klokere menneske.

For de som kjenner Knut Buens musikk og hans spill, og har fulgt ham over mange år, blir kanskje den andre forestillingen spennende, for under overskrifta «*Ein song til deg*», tar han med seg egne og helt nye tekster og toner på scenen, i ulike arrangement.

Som om ikke det er nok, slår han virkelig på stortromma på tredje og siste konsert, hvor han utvider med flere musikere scenen. Her vil han gi publikum nykomponerte slåtter, de fleste for hardingfele, men også noen for piano! «*Slåttedikt av Knut Buen*» har han satt som overskrift.

Knut Buen har bidratt med så mange plater, bøker, artikler, debattinnlegg og konserter at det nesten er umulig å ha oversikt. Men det er kanskje slik som dette
– på scene med fele og mikrofon, at han virkelig kommer til sin rett.

Torsdag 02. mars

# VEGAR VÅRDAL / HALEYS COMET

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 200/120**

**Vegar Vårdal – plateslipp**
I kveld blir det plateslepp på Folk på torsdag, med Vegar Vårdals første soloutgivelse. Han har tatt tak i sine første møter med folkemusikken, barndomsminnene som sitter i kropp og sjel livet ut. Dag Vårdal, eller pappa, som Vegar sier, samlet inn mye folkemusikk fra Nord-Norge og Vest-Agder og spilte naturlig nok disse slåttene da Vegar var liten. Denne lille buketten av råe ukvessa melodier har festet seg som ingen andre, og her finnes det både spring- og polsdanser, reinlender, vals og en og annen ril og galopp. Vegar bruker for det meste vanlig fele, men eksperimenterer også med ulike typer feler for å gi slåttene ukjente klanger. Vegar tjente sine første spelemannspenger, en svensk tier, på å spelle enkle, men dog så ukjente slåtter fra Vest-Agder. Gammelmasurkaen til Lars Hellan dysset Vegar i søvn, og han ble vel vekket med en nordlandspols på høygir.

*Vegar Vårdal - feler*

**Haleys Comet – plateslipp**
Denne norsk-amerikanske duoen spiller fele og banjo så busta fyker og strenga ryker, og tar for seg et stort spekter av amerikansk bluegrass-musikk. Duoen begynte å spille i 2015 og har bygd opp et stort repertoar av tradisjonelle slåtter og sanger i tillegg til en del egne låter. Til plateslippet på Riksscenen har de også fått med seg bassist Ole Morten Vågan. Meade Richter er en av USAs fremste unge felespillere, og etter å ha vunnet den prestisjetunge felekonkurransen under Fiddlers Grove i North Carolina tre år på rad fikk han ikke lov til å konkurrere mer! Han har studert bluegrass og old-time på East Tennessee State University, hvor han har spilt med musikere som Ricky Skaggs og JD Crowe, for å nevne noen.

Magnus Wiik har levert solide bidrag til den norske rootsscenen i årevis med sin viritouse omgang med banjo, dobro og mandolin. Med band som Julie & the New Favorites, Open String Department og Ellestad/Wiik duo har han turnert verden over med egne band og har i tillegg vært svært aktiv som komponist og multiinstrumentalist. I 2015 mottok han Geir Digernes minnepris for sitt musikalske virke.

Ole Morten Vågan er en av de mest toneangivende og brukte bassister i norsk rytmisk musikk de siste 15 år, og mange i folkemusikkmiljøet kjenner han kanskje best fra trioen Gammalgrass der han holder Ola Kvernberg og Stian Carstensen i tømmene. I tillegg har han spilt med størrelser som Bugge Wesseltoft, John Scofield, Mike Stern, Erlend Skomsvoll, Joshua Redman, Nils Petter Molvær, Dhaffer Youssef, Terje Rypdal og mange, mange flere!

*Meade Richter - fele, Magnus Wiik - banjo, dobro, mandolin m.m.,*
*Ole Morten Vågan - kontrabass*

PLATESLIPP





Fredag 03. mars

# SOFIA JANNOK TRIO

**ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 220/150**

**Endelig skal vi få besøk av Sofia Jannok!**
Sofia er en av Sápmis største artister. Hun har revitalisert et tradisjonelt musikkuttrykk basert på joik og kombinerer dette med et moderne lydbilde. Med utgangspunkt i joik blander hun inn elementer fra elektronika, jazz og folkemusikk og kombinerer urkraft med de vakreste arktiske lydlandskaper.

Med sine to Grammynomineringer i ryggen og det kritikerroste fjerde albumet *«ORDA – This is my land»* (2016) tok Sofia Jannok på alvor grepet på den svenske musikkscenen og befestet at Snøløvinnen fra nord hører hjemme i den samiske musikalske 1. divisjonen. Singelen *«Snölejoninna»*, som ble sluppet på Samefolkets dag i forkant av albumet har gått en seiersgang i nord siden.

Sofia Jannoks sterke vokal spenner over et stort musikalsk landskap. Uansett om det er joik, pop på engelsk eller spoken word, er det ingen tvil om at alt er forankret i Sofias sterke politiske engasjement. Hun synger og joiker for oppreisning for det samiske folket. Mellom albumets 15 spor får vi høre lydopptak fra domstolsforhandlingene mellom Girjas sameby og den svenske staten i 2015. Utsagnene i lydopptakene får svar i Jannoks låter.

*«Rikt. Jannok reser mellan spoken word, tunga electrobeats och överjordiskt vackra tongångar... Hatten av för Jannoks knutna näve.»* - Karin Andersson i Uppsala Nya Tidning.





Lørdag 04. mars

# AMORES TANGOS

**ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 250/150**



Amores Tangos fra Buenos Aires er et annerledes tangoband. De går tilbake til røttene der man også finner tangoens glade og festpregede side, og lager en herlig blanding av tango og milonga med alt fra candombe og jazz til cumbia, samba og andre latinamerikanske sjangre. Slik kryssing av sjangergrenser var visst nok langt vanligere i tangoens barndom. Amores-opplevelsen bærer preg av glede, fest og fart, og samspillet mellom scene og publikum er en sentral del av opplevelsen. Bandets smittende energi er deres kjennemerke. Her blir det rom for både lytting og dans, egnet for både trenede tangodansere og for den som bare vil svinge seg.

Amores Tangos' plater har alle vært nominert til en rekke priser i Argentina, og dette er deres andre Europaturné.

På Rikssscenen har kvintetten med seg danseparet Nani Mariana Gonzalo og Kristian Andersen, som har oppvisning i løpet kveldens show, samt den norske sangeren/skuespilleren Nina Bendiksen som har spilt inn tangoalbum i Argentina og turnert land og strand rundt med sine norske oversettelser av gamle tangohits.

*Jose Teixidó - gitar og bandleder, Nicolás Perrone - bandoneón, Juan Tarsia - piano, Sebastián Noya - kontrabass, Jonathan Szer - perkusjon, Nina Bendiksen - gjestesanger, Nani Mariana Gonzalo og Kristian Andersen - dansere og dj-er*



Søndag 05. mars

# FELEFLAUM OG SOGESTRAUM

**ÅPNER 12.30 KONSERT 13.00 BILLETT 50**

*«Feleflaum og sogestraum»* er namnet på ein leiken og stemningsfull forteljarkonsert. Her får du møte jenta som spelar i huldrebryllaup, og du får høyre andre gamle eventyrskattar frå Vestlandet. Forteljingane vert fletta saman med musikk og song til ei heilskapleg oppleving for små og store. Før framsyninga har LilleRIKS-vert Vegar laga ei lita skattejakt, og kanskje finn vi nokre spanande forteljingar, eller kanskje vi finn ein sjokolade eller to?

Hanne Oftedal har fordjupa seg i tradisjonell forteljarkunst. Ho er ein forteljar som med varme og engasjement formidlar eventyr for born, unge og eldre.

Gro Marie Svidal er ei av dei mest anerkjende og virtuose folkemusikarane våre, med lang erfaring i sceniske produksjonar. Mange hugsar henne frå teaterstykket *«Den vesle Prinsen».*

*Gro Marie Svidal - song, hardingfele, Hanne Oftedal - forteljar*





Onsdag 08. mars

# TUUP: THE KING AND THE CORPSE

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.00 BILLETT 200/175**

Den britiske historiefortelleren Godfrey Duncan – TUUP – og sitarspiller Sheema Mukherjee, begge medlemmer av musikkollektivet Transglobal Underground, vil med *«The King and The Corpse»* fortelle en global versjon av et 2000 år gammelt indisk eventyr. En konge bærer et lik av en hengt mann over en kirkegård, i bytte mot makt og visdom. Men liket er ikke dødt. Det er besatt av en demonisk ånd som med sine lunefulle gåter truer med å sprenge kongens hode i tusen biter. Med villskap, mystikk og komikk tar TUUP og Sheema deg med til en verden fylt av ritualer, metaforer og magi.

TUUP (The Unorthodox, Unprecedented Preacher) har jobbet som profesjonell historieforteller siden 1981 da han formet the West London Storytelling Unit sammen med Ben Haggerty. Han har en improvisatorisk, karismatisk og spontan utstråling på scenen og en fantastisk mimikk og musikalitet i fortellerstilen sin. Forestillingen *«The King and the Corpse»* er et samarbeid med Crick Crack Club i London.

Sheema Mukherjee er oppvokst med en fot i Storbritannia og en fot i India, noe som gav henne en bred musikalsk bakgrunn og som har inspirert hennes komposisjoner og samarbeid senere. Både nord-indisk og vestlig tradisjon var viktig i opplæringen som hun fikk gjennom sin mentor og onkel Pandit Nikhil Banerjee og siden Ustad Ali Akbar Khan.

*Godfrey Duncan TUUP - forteller, Sheema Mukherjee - sitar*

Torsdag 09. mars

# SIGRID, AASMUND & SVER

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 200/120**

**Ny supergruppe frå folkemusikkens eliteklasse**
Sigrid Moldestad og Aasmund Nordstoga er to av våre mest kjende og kjære folkesongarar, og når dei to slår seg saman med folkrockbandet SVER, luktar det stor folkemusikalsk underhaldning lang veg. Samarbeidet starta under Røros Folk Festival i 2015, og sidan det har dei gjort eit lite knippe konsertar saman.

Sigrid Moldestad har dei siste åra spelt og sunge seg inn i hjarte og sinn til publikum over heile landet. Med platene *«Taus»*, *«Sandkorn»*, *«Himlen har sove bort mørkret»* og *«Brevet til kjærleiken»* har ho sidan 2007 plassert seg langt inn i den norske folkesjela. Aasmund Nordstoga kjenner dei fleste til gjennom mange musikalske prosjekt, og etter at platene *«Ein visefugg»* og *«Friaren»* – med Abildsø Spelemannslag som backing – fekk fleire radioslagerer, vart bonden frå Vinje i Telemark allemannseige.

Det norsk-svenske folkrockbandet SVER baserer det musikalske universet og den utovervende spelestilen sin på norsk fele- og hardingfeletradisjon, og når låtane har gått gjennom SVER–maskineriet, vert resultatet musikk som vekslar frå det drøymande og lyriske til det storslåtte og djevelsk svingande. No får me høyre kva dei hardtslåande folkrockarane har fått ut av materialet til Sigrid og Aasmund.

At Sigrid Moldestad, Aasmund Nordstoga og SVER er strålande kvar for seg, veit me godt. Kor fantastiske dei er saman, finn me ut på Riksscenen i mars!

*Sigrid Moldestad - vokal, hardingfele og fele, Aasmund Nordstoga - vokal, Olav Luksengård, Mjelva - fele og hardingfele, Anders Hall - fele, bratsj, Leif Ingvar Ranøien - toradar, Adam Johansson - gitar, Jonas Østbyhaug - bass, Jens Linell - trommer*





Fredag 10. og lørdag 11. mars

# FOKUS MIDT-NORGE

**Mer informasjon på www.riksscenen.no**

**10.–11. mars 2017 – Trønderne kommer!**
***«Midtens rike»* – Norges midtpunkt inntar Riksscenen**
Trønderne er kjent for å lage liv og stor stemning, så når Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans og Hilmarfestivalen inviterer med seg et knippe profesjonelle artister og aktører nedover til tigerstaden i mars, er det duket for ei skikkelig festivalhelg i god, trøndersk stil! Du får det beste av hva regionen har å by på innen folkemusikk i vid forstand, musikk skapt i regionen, inspirert av trøndersk natur og kultur. Du får servert deilig mat med de beste råvarer fra regionen. Det blir aktører av lokal og internasjonal størrelse, ung og gammel, kjent og ukjent.

Dans, musikk, kulinariske innslag, trønderfest i god vømmølstil, folkemusikk i vid forstand, og selvsagt en og annen overraskelse!

Følgende artister er hittil bekreftet: *Kjersti Kveli, Gisle Aarlott, Ljom, Maren Fenris, Einar Olav Larsen trio, Ingvild Blæsterdalen trio, Skavlan/Ljungkrona, Duo Jansen / Jüssi og SPRING*



FOLK PÅ TORSDAG

Torsdag 16. mars

# ERLEND VIKEN TRIO

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 200/120**



Erlend Viken Trio – plateslipp! Felespiller Erlend Viken har sammen med gitarist Marius Graff og cellist Leo Svensson Sander funnet et originalt uttrykk som skiller seg fra alle andre. Årets mest spennende folkemusikkplate! Det var lyden av en samlet presse etter debutplaten *«Frie Tøyler»* i 2014.

*«Dette er musikk som treffer deg uansett om du er tilhenger av folkemusikk, rock eller blues»* - Adresseavisen

Trioen turnerer aktivt både i Norge og utlandet, og har gjennom sine energiske live-opptredener skaffet seg mange fans på tvers av sjangergrensene. Gitar og cello i samspill med fele gir lytteren en rå akustisk opplevelse basert på norsk trad, og inspirert av blant annet rock, ørkenblues og amerikansk old-time music.

Alle trioens medlemmer er ettertraktede musikere, og spiller eller har spilt med flere av de største artistene innen rock, pop, jazz, hiphop og folkemusikk i Skandinavia.

*«Styrken i komposisjonene og kraften i samspillet skaper musikk som går over i det geniale»* – bladet Folkemusikk

*Erlend Viken - fele, hardingfele, Marius Graff - gitar, Leo Svensson - cello*

PLATESLIPP

ÅPEN KLASSE

Fredag 17. mars

# ST. PATRICK'S DAY: SOCKS IN THE FRYING PAN & ANDERS LILLEBO TRIO

**ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 200/120**

**Socks in the Frying Pan** kjem frå County Clare, eit område som av mange vert reikna som det universelle knutepunktet for tradisjonell irsk musikk. Deira dynamiske vokalharmoniar, musikalske virtuositet og strålande liveopptredenar har fengsla publikum verda over og ført til at trioen er blant dei mest ettertrakta gruppene frå den grøne øya i dag.

Den unge trioen, med det relativt rare navnet, spelar tradisjonelle irske låtar tilført sine eigne personlege uttrykk. Dette har dei lukkast særs bra med og miksen deira har ført til strålande kritikkar verda over og utmerkingar som *«New band of the year»* av Irish Music Association. Bandet har turnert rundt i USA ved fleire høve og spelt på alle dei store festivalane med irsk musikk der borte i tillegg til hyppige turnear i heimlandet og Europa.

*Aodán Coyne - vokal, gitar, Shane Hayes - trekkspel, Fiachra Hayes - banjo, fele*

**Anders Lillebo Trio** er bygd rundt det komande plateprosjektet til trekkspelaren Anders Lillebo frå Engerdal i Hedmark der han fokuserer på tradisjonell irsk folkemusikk. Han har budd på den grøne øya i lengre perioder, og opparbeida seg eit stort repertoar av låtmaterialet derifrå på jamsessions m.m. Dette materialet skal spelast inn i studio i mai, og i høve St. Patricks Day tek Anders med seg fele- og mandolinviritousen Olav Christer Rossebø og en til no ukjend gitarist og gjev oss smaksprøver på kva som kjem til hausten.

*Anders Lillebo - trekkspel, Olav Christer Rossebø - fele, mandolin, TBA - gitar*

Ta med instrument til Riksscenen denne kvelden, det vert irsk jam utover dei små timar etter at konserten er ferdig.



Lørdag 18. mars

# KNUT BUEN - I TEKST OG TONAR

**ÅPNER 19.00   KONSERT 20.00   BILLETT 250/150**



At Knut Buen er ein fabelaktig spelemann og ei sentral tradisjonskjelde, er dei fleste klar over, men at han i tillegg har komponert mengder med slåttar og skrive store mengder tekstar og laga melodiar i ei årrekkje, er ikkje like kjent i allmenta. Denne konserten er vigd virket til Knut som diktar og tonesetjar, og me vert inviterte inn i det lyriske universet til tusenkunstnaren frå Tuddal.

Anne Gravir Klykken er folkesongar frå Skien i Telemark. Ho har gjeve ut to soloplater og hatt mykje samarbeid med Knut Buen, m.a. på platene *«Von»* og *«Tonebod»*. Anne har også samarbeidd med musikarar som Iver Kleive, Bugge Wesseltoft, Ingebjørg Harman Bratland, Aasmund Nordstoga, Audun Kleive, Helge Andreas Norbakken, Mattis Kleppen, Sigmund Groven og Bjørn Kjellemyr.

Øyonn Groven Myhren frå Oslo er blant våre aller fremste folkesongarar. Ho er nok best kjend frå framsyninga Nivelkinn, som ho laga saman med Odd Nordstoga, men tolkingane hennar av vokalstoff frå m.a. Telemark og Hallingdal er også svært høgt skatta.

Kjetil Flatland frå Seljord i Telemark er ein aktiv musikar og lærar i inn- og utland. Hans virke omfattar alt frå konsertar rundt om i Noreg til musikkprosjekt i Himalaya og Afrika – for å nemne noko. Debutalbumet hans *«Ein song til deg»* kom ut i 2015 til strålande kritikkar, eit album som i stor grad var eit resultat av eit mangeårig samarbeid med Knut Buen.

*Knut Buen - diktlesing, hardingfele, Anne Gravir Klykken - kveding, Øyonn Groven Myhren - kveding, lyre, Kjetil Flatland - vokal, saksofon, Helge Wahl Flatland - tangentar, Vegard Ringsby Hasselgård - gitar, Andreas Hamre - bass, Ivar Loe Bjørnstad - trommer*



Søndag 19. mars

# LilleRIKSEN for barnefamilier

## MEG OG KAMMERATEN MIN

**ÅPNER 12.30   KONSERT 13.00   BILLETT 50**

Martin og Erik reiser land og strand rundt med barneforestillingen sin, og endelig får vi lov til å ha dem smilende fra øre til øre her på hovedscenen vår. Disse gutta speller alle stilarter som finnes i verden, tror jeg, for sist jeg hørte dem, var det ikke bare folkemusikk, men skikkelig kul rockemusikk for barn. Rock, litt jazz, pop, og folkemusikk blir blandet sammen, og da blir det så mange kule lyder og stemninger at vi blir helt matte der vi sitter i salen. Tidligere i år var de på en stor jazzfestival i Molde, og arrangørene var så fornøyde med konserten at de mente det var en av de beste barnekonsertene de hadde hatt der noen gang! Mange aviser og musikkritikere mener at denne duoens spilleglede er enestående, og den måten de tar kontakt med både barn og voksne, er helt enestående. Jeg har sett dem en gang, og jeg lo så mye at jeg nesten tissa på meg, men heldigvis har de en egen sang for det også. Håper hele familien tar turen til Riksscenen, for dette er bandet som er perfekt for både skjeggete fedre og barn i alle aldre.

Martin Hagfors spiller gitar og synger, og har laget sangene. Erik Johannesen synger, og kan spille mange instrumenter. Jeg tror han vil ta med seg masse trommer og ting som han kan slå på, i tillegg til trombone og piano.

*Martin Hagfors - gitar, vokal, låtskriver*
*Erik Johannesen - trombone, perkusjon, piano, vokal*



Torsdag 23. mars

# PUHTI - KORTFILM OG KONSERT

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 200/120**




**Lost Soul**
Kortfilmen *«Lost Soul»* kombinerer stumfilm, dans og musikk. Filmen fortel historia om ein djevel som plutseleg dukkar opp i ein karelsk landsby, og er filma i det russiske området Karelen i 2014. Filmen er ein del av Anne-Mari Kivimäkis kunstnariske doktorgrad ved Sibeliusakademiet, og skodespelarane er medlemmene i bandet Puhti. Filmen er regissert av Tommi Kainulainen, som også har laga manus, og vert vist med levande følgjemusikk ved Anne-Mari Kivimäki. Kortfilmen varer i 18 minutt og hadde premiere i januar 2015.

*Anne-Mari Kivimäki - trekkspel, vokal, stompbox*
*Samuli Volanto - lyddesign*

**Puhti – vonde viser**
Duoen Puhti er ein kombinasjon av kabarét, folkemusikk og performance. Framsyninga dei kjem til Riksscenen med denne gongen, har dei kalla *«The song of evil»*, og ho fortel historier om fleire tragiske og uunngåelege menneskelege skjebnar gjennom musikk og dans. Konserten, eller framsyninga, er også ein del av Kivimäkis doktorgradsavhandling ved Sibeliusakademiet, og er ein del av ein konsertserie ho har kalla Suistamo.

*Anne-Mari Kivimäki - trekkspel, vokal, stomp box*
*Reetta-Kaisa Iles - vokal, dans*



Fredag 24. mars

# XABIER DIAZ

**ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 250/150**

Riksscenen presenterar Xabier Diaz saman med Førdefestivalen. Denne kvelden vil også Førdefestivalen 2017 sitt program bli presentert for publikum.

***«The Tambourine Man»***
Xabier Diaz er både musikar, komponist, forskar og songar, og spesialist på instrumentet Pandeireta Galega, den galisiske tamburinen. I Galicia nyt han kjendisstatus, mellom anna etter mange år som vokalist i den leiande folkemusikkgruppa Berrogüetto, i tillegg til samarbeid med ei rekkje store artistar. No gjer han suksess med eigne prosjekt.

*«The Tambourine Man»* er Xabier Diaz sitt nyaste prosjekt, og er eit møte mellom den galisiske tamburinen hans og adufen, den mauriske firkant-tromma som er mykje brukt i Portugal. Eller faktisk møter tamburinen hans heile 11 adufar, når Xabier Diaz slår seg saman med dei kvinnelege songarane og perkusjonistane i gruppa Adufeira de Salitre. Og i tillegg har han med seg Gutier Alvarez på dreielire og Javier Alvarez på trekkspel.

To år tok det å leite fram gamle voggesongar og folkesongar frå galisiske landsbyar, og gje dei nye arrangement og ny tolking gjennom Xabier Diaz si sjelfulle stemme, sikkert og elegant akkompagnert av songen og rytmen frå Adufeira. *«The Tambourine Man»* er ein vakker kombinasjon av stemmer, rytmar og koreografi, ei intens oppleving du vil bere med deg lenge.

*Xabier Diaz - vokal, perkusjon, Gutier Alvarez - dreielire, fiolin, Javier Alvarez - toradar, Cristina Pico - vokal, perkusjon, Iria Penabad - vokal, perkusjon, Montse Garcia - vokal, perkusjon, Patricia Gamallo - vokal, perkusjon, Maite Lopez - vokal, perkusjon, Noemi Basanta - vokal, perkusjon, Carolina Vazquez - vokal, perkusjon, Bea Mariño - vokal, perkusjon, Lidia Sanmartin - vokal, perkusjon, Gisela Sanmartin - vokal, perkusjon, Mariña Garcia - vokal, perkusjon*



Lørdag 25. mars

# TRAD.ATTACK!
# & SÅNN SKA DET VÆRE!

**ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 250/150**

Power Folk Trioen **Trad.Attack!** frå Estland nyttar tradisjonelle låtar, ofte skrapete arkivopptak med gløymde stemmer frå landsbygda, og bygger pulserande og rytmiske strukturar av dei. Resultatet vert eit imponerande stort lydbilete frå akustisk gitar, trommer og eit arsenal av fløyter, munnharper eller sekkepiper.

Alle dei tre musikarane har fått den tradisjonelle musikken inn med morsmjølka, og hadde kvar for seg vore aktive på den estiske musikkscenen i årevis då dei stifta bandet i 2014. Motivet for å starte opp var å lage noko moro og eksperimentelt, så i løpet av kort tid hadde dei mekka fem songar som dei gav ut i form av ein sjølvprodusert EP. Utgjevinga vart overraskande nok ein lokal hit, og trioen utnytta momentet til å gje ut sin fyrste fullengdar *«Ah!»* i 2015. Frå oppstarten i 2014 og fram til no, to år seinare, har trioen motteke ikkje mindre enn 14 nasjonale musikkprisar i heimlandet! I tillegg har dei fått stor merksemd i utlandet, noko som fram til no har ført til at den ferske trioen har halde konsertar i 25 land, frå Kina til Canada.

*«Few bands are as in-your-face with their traditude as Estonian trio Trad. Attack… But as it stands, the album is a fascinating glimpse at Estonian magic, as well as a fun, rewarding listen, promising good things in this band's future.»* - Stephen Winick, The Huffington Post, USA

*«"Ah!" is indisputably one of the most unique folk albums I have listened to over the years and in my opinion also one of the best.»* - Rasmus Klockljung, Lira, Sweden

*Sandra Sillamaa – vokal, fløyter, sekkepipe, Jalmar Vabarna – vokal, gitar, Tõnu Tubli – vokal, perkusjon*

**Sånn ska det være!** er ein konsert i krysningspunktet mellom hiphop, jazz og folkemusikk. Stemningane i rommet og publikum avgjer både innhaldet i tekstane og kva grooves musikerne skal nytte. Det er morosamt og leikent, men også med plass til sorg, sakn, analyse, aggresjon og andre stemningar.

Konserten er under leiing av Per Olav Hoff Mydske, aka Skranglebein, mellom anna kjend frå den legendariske hiphopgruppa Pen Jakke frå Fredrikstad. Ein ordsmed og meistar i freestyle rap. I løpet av konserten møtes østkyst-hiphopen Skrangle vaks opp med og folkemusikken han har ramla uti dei seiste tre åra og blandar seg med alt frå visesong og verdsmusikk.

*Per Olav Hoff Mydske - vokal, Magnus Jr Larsen - kontrabass, cello, Tuva Syvertsen - hardingfele, vokal, mandolin, Erik Sollid - bratsj, Vincent Velur, orgel, Anders Røine, langeleik/ munnharpe, Siv Øyunn Kjenstad - trommer*



Søndag 26. mars

# ÅSE TEIGLAND & ASTRID SULHEIM

**ÅPNER 14.00 KONSERT 15.00 BILLETT 200/120**

Denne gong vert det to markante damer frå to ulike distrikt og tradisjonar, ei med hardingfele og ei med fele, men likevel med mange fellestrekk, som ein får møte Tett På.

Astrid Sulheim er busett i Lom i Gudbrandsdalen der ho til dagleg jobbar som fastlege. Ho har hatt Rolv Brimi som læremeister og i tillegg lært av Knut Kjøk, Amund Bjørgen og Bjørn Odde. Ho har vore aktiv i Lom spelmannslag sidan starten av 90-talet, er med i felegruppa *«Tufskrøkjun»* og gav ut plata *«Atterljomen»* saman med Aslak Brimi og Bjørn Odde i fjor. Astrid har vunne A-klassa på Landskappleiken tre gonger og figurerer blant dei øvst plasserte i den tevlinga kvart einaste år.

Åse Teigland frå Utne i Hardanger har i ei årrekke arbeidd som frilansmusikar og produsent med base i Bergen. Bak seg har ho ei rekkje plateinnspelingar, m.a. solo-plata *«STILLE»* (2008) som vart nominert til Folkelarmprisen. Åse er særleg oppteken av mangfaldet som bur i slåttemusikken. Ho leitar fram materiale frå gamle opptak og notenedskrifter og arbeider fram sitt eige uttrykk. Åse vann Landskappleiken på hardingfele i 2005 og har fått ei rekkje prisar og stipend for arbeidet sitt.

Etter konserten vert det ein prat med Ola E. Bø om felespel og likskapar eller ulikskapar i tradisjonane deira.

*Åse Teigland – hardingfele, Astrid Sulheim – fele*







Torsdag 30. mars

# MAIJA KAUHANEN & VRANG

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 200/120**

**Maija Kauhanen**
Med ei strålande stemme, fengslande historier, kantele og perkusjon kjem det finske eikvinnesorkesteret Maija Kauhanen til Riksscenen. Med den unike blandinga av arkaiske melodiar, polyrymikk og technobeats skapar den finske multimusikaren sitt eige lydlandsskap og drivande groove. Maija er komponist og ein særs allsidig musikar, noko ho kombinerer med velutvikla formidlareigenskapar når ho serverer ein konsert med sterkt scenisk nærvær.

*Maija Kauhanen – vokal, kantele, perkusjon*

**Vrang – plateslipp**
Tuva Færden, Maja Gravermoen Toresen og Jon Brodal tar tak i sine respektive favorittlåter og lar fantasien løpe sine egne veier, noe som resulterer i et repertoar med stort spenn og mange kontraster. Vrang utfolder seg i alt fra lite brukte hardingfeleslåtter til underfundige viser og egne komposisjoner, der koblingene kan trekkes til både norske dalstrøk og marokkanske fjellområder. Denne våren, etter mange omveier og et vellykket arbeid med å søke støtte, kommer de med sitt debutalbum, og på Riksscenen kan du få med deg selve plateslippet!

*Tuva Færden – hardingfele, fele, vokal, lyre, Maja G. Toresen – hardingfele, fele, vokal, lyre, Jon H. Brodal – hardingfele, fele, vokal*





PLATESLIPP

Fredag 31. mars

# ELLE MÁRJÁ EIRA

**ÅPNER 20.00   KONSERT 22.00   BILLETT 200/120**



Elle Márjá fra Kautokeino har for lengst hevdet seg som en av Sápmis fremste live-artister, og er kjent for å målbinde publikummet gjennom sin nære og personlige musikk. Som ung lærte hun seg å joike før hun kunne snakke, og det gir seg utslag hos en erfaren artist hvor musikken er hennes førstespråk.

Elle Márjá uttrykker tekstene sine i et audiovisuelt landskap, og bringer oss inn i et helt eget univers ved hjelp av film og musikk. Gjennom musikken forteller hun personlige historier fra sin bakgrunn og leker med overgangene mellom improvisasjon og iscenesettelse.

Det musikalske uttrykket er i skjæringspunktet mellom joik, elektronika og tradisjonell samisk musikk. Hun har en stor og mektig, men samtidig skjør stemme. Elle Márjá har fått god kritikk både i Norge og utlandet. Hun hylles for visuelle, gripende og unike konserter.

En perfekt anledning til å bli kjent med klubbkonseptet Idja.

*Elle Márjá Eira – joik, vokal, Karl Rune Rubach – trommer, Morten Pettersen – keyboard*



Fredag 31. mars

# KNUT BUEN SINE SLÅTTAR

**ÅPNER 19.00   KONSERT 20.00   BILLETT 220/175**

Den siste konserten for månadens artist i mars, Knut Buen, er vigd til slåttane han har komponert. Buen framfører dei sjølv, saman med eit handplukka stjernelag av hardingfelespelemenn og ikkje minst Håvard Gimse på klaver.

Per Anders Buen Garnås frå Bø i Telemark er kanskje den utanom Knut med mest kjennskap til Knut sine slåttar. Per Anders har gjeve ut to soloplater, vunne Landskappleiken fleire gonger og vore tre gonger nominert til Spellemannprisen.

Håkon Høgemo frå Årdal i Sogn har vore frilansmusikar på hardingfele i over 20 år. Han har gjeve ut tre soloplater med felespel, har vunne Landskappleiken to gonger og har to Spellemann-prisar på hylla si på Osterøy, der han bur i dag.

Ottar Kåsa frå Arabygdi i Vinje er felemakar og hardingfelespelemann. Han har vunne Landskappleiken på hardingfele heile fire av dei siste seks åra – på feler han har bygd sjølv, og mottok Spellemannprisen i 2012 for solo- og debutplata si *«Ottar Kåsa»*.

Lars-Ingar Meyer Fjeld kjem frå Sandefjord i Vestfold, men har gjort tradisjonsspelet frå Telemark til sitt eige. Den unge mannen har pallplasseringar på Landskappleiken i både 2015 og 2016, og gav ut soloplata *«Hardingfele»* i fjor.

Pianisten Håvard Gimse frå Kongsvinger vert rekna som ein av dei fremste musikarane i landet Har han spelt konsertar over heile verda og samarbeidd med musikarar som Arve Tellefsen, Truls Mørk, Henning Kraggerud, Solveig Kringlebotn og Elizabeth Nordberg-Schulz m.fl.

*Knut Buen – hardingfele, Håvard Gimse – klaver, Per Anders Buen Garnås – hardingfele, Håkon Høgemo – hardingfele, Ottar Kåsa – hardingfele, Lars-Ingar Meyer Fjeld – hardingfele*



DANSESCENEN

Lørdag 01. april

# DANSEFEST:

## VABØ/KÅSA/BRABANT/BOLSTAD/GJEVRE/WESTBERG

### ÅPNER 19.00 KONSERT 20.00 BILLETT 220 /150

**Storspelemenn frå Vestlandet, Telemark, Hallingdal, Valdres, Gudbrandsdalen og Røros!** Riksscenen inviterer til storstilt bygdedansfest når Øyvind Vabø, Ottar Kåsa, Øyvind Brabant, Tore Bolstad, Inge Gjevre og Tron-Steffen Westberg entrar scenen! Dei seks karane skal syte for at stort sett alle som er interesserte i bygdedans, skal få metta si denne kvelden.

Øivind Vabø frå Bergen har vore A-klassing i ein mannsalder, og har vore ein av dei beste spelemennene frå byen i vest dei siste 20 år.

Ottar Kåsa frå Arabygdi / Bø i Telemark treng vel ikkje nærare introduksjon, men ein kan alltids nemne at han har vunne Landskappleiken tre av dei fem siste åra på hardingfele, og spelemannpris for soloplata *«Ottar Kåsa»* i 2012.

Øyvind Brabant frå Nesbyen i Hallingdal er ein av dei gode gamle travarane i norsk hardingfelespel. Han har gjeve ut to soloplater, vann Landskappleiken attende i 1993 og pregar framleis toppen av resultatlister med groovy hallingspel, og han er ein særs ettertrakta dansespelemann.

Tore Bolstad frå Heggenes i Valdres er ein av dei viktigaste og beste spelemennene i dalføret. Han vann Landskappleiken på hardingfele i 2001 og har vore læremeister og inspirasjon for spelemenn som Jan B. Granli og Laura Ellestad.

Inge Gjevre frå Vågå er utan tvil ein av dei beste toradarspelemennene i landet. Han har stilt opp på landskappleik sju gonger, vunne fire av dei og med tredje plass som dårlegaste resultat! Han har gjeve ut fleire doble soloalbum, samt mengder av andre utgjevingar med m.a. Jutullaget.

Tron-Steffen Westberg frå Brekken utanfor Røros er av mange rekna som den råaste spelemannen i landet. Den eggande rytmen og knallharde grooven som oppstår når Tron-Steffen angrip fela og spelar gammalpols, får hardcoreband til å framstå som kattungar med panfløyte.

*Øivind Vabø - hardingfele, Ottar Kåsa - hardingfele, Øyvind Brabant - hardingfele, Tore Bolstad - hardingfele, Inge Gjevre - toradar, Tron-Steffen Westberg - fele*



LILLERIKSEN

Søndag 02. april

# LilleRIKSEN for barnefamilier

## SING SINGELING - BUEN GARNÅS / VAA

### ÅPNER 12.30 KONSERT 13.00 BILLETT 50



Vi åpner april med en liten folkemusikk-kort-prisvinnende-film denne gangen, og det er virkelig ikke hvilken som helst kortfilm. Regissøren Aaslaug Vaa har fulgt kvedaren Agnes Buen Garnås i et par år, og resultatet har blitt en kortfilm som vant Filmpolitiets Kortfilmprisen i 2014 – Sing Singeling. Filmen viser godt hvordan denne rike folkemusikktradisjonen fremdeles brukes av alle generasjoner, og får oss virkelig til å få lyst til å synge selv, med den stemmen vi har! I filmen ser vi Agnes lære bort sanger til en gjeng med barn i femte klasse, og vi får høre deres versjoner og deres sangglede. For at vi skal kunne ta del i dette på en god måte, har vi fått Ingvill Marit Garnås og Kvedarklubben til å lære oss noen sanger, og selvsagt skal de også synge noen andre sanger for oss. Velkommen ned i Klubben denne vakre aprildagen, så håper vi dere kommer ut derfra med minst to sanger på hjernen. LilleRIKS-vert Vegar Vårdal tar imot dere alle, barn og familier i alle aldre.

Sing singeling: Regi er ved Aaslaug Vaa og Anders Øvergaard. Konsept, manus og produsent er Aaslaug Vaa. Produksjonen er ved Villa Lofoten Film.

*Ingvill Marit Garnås - sang, Kvedarklubben - sang*

FORTELLERSCENEN NYPRODUKSJON

Onsdag 05. april

# BYTTING

### ÅPNER 19.00 KONSERT 20.00 BILLETT 220/120



***«Så vart han din, han som skulle vore min».***
I norsk folketro var det en kjent sak at de underjordiske pleide å stjele menneskebarn og legge sine egne stygge barn igjen som erstatning. Bytting handler om en nybakt mor som blir overlatt til sin egen ensomhet der hun må kjempe mot egne tanker, og gradvis forsvinner inn i sine egne vrangforestillinger. Hva skjer med kvinner som blir syke etter fødsel og hvordan møter de kravene omverdenen stiller?

Forestillingen er en nyproduksjon der dansen, musikken og fortellingen går hånd i hånd. På scenen står to skuespillere og to musikere. Noen har lengre fartstid på scenen mens andre er i startgropa av sin sceniske og folkemusikalske karrière. På regi og koreografi har de fått hjelp av nestoren Indra Lorentzen, og manuset til *«Bytting»* har blitt skrevet av Eldgrim Springgard. Sammen skaper de en historie med klangbunn i overtro, tradisjon og folkekultur, der musikken, dansen og teksten minner oss på hvilken styrke som ligger i en mors kjærlighet.

*Elisabeth Syrdahl Ellingsen - fortelling, sang, Silje Risdal Liahagen - fortelling, sang, Selma French Bolstad - hardingfele, fele, nøkkelharpe, gitar, sang, Harald Skullerud - perkusjon, Indra Lorentzen - regi, koreografi, Eldgrim Springgard - manus*

Torsdag 06. april

# ERLEND APNESETH

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 200/120**



**Bestillingsverk Førdefestivalen 2016**
Mykje av musikken til Erlend Apneseth er bygd på små, ofte melodiøse tema med open tilnærming til korleis den utviklar seg i møte med andre musikarar. Ofte vil låta vera ein improvisasjon rundt ein kjerne, eit grunntema. Det kan også vere meir abstrakte idear, som klangbilete eller alternative teknikkar – men heile tida er det med hardingfela og folkemusikken som basis.

Erlend har i mange år samla på og blitt inspirert av ulike lydar, og som spelemann og improvisasjonsmusikar har han forsøkt å eine desse elementa. Små idear og skisser som tidlegare vart lagt vekk, alle med tydlege referanser til folkemusikk har han teke fram att og implisert dei i verket. Noko av verket er ferdig arrangert medan andre delar har større grad av improvisasjon i møtet med musikarane. Komponisten sjølv uttalar at han vil *«utforske det ein kan kalle eit kontrafaktisk aspekt ved slåttekomponistar og tradisjonsmateriale»* i området han kjem frå. Til dømes: Kva om Anders Viken hadde møtt Django Reinhardt i si tid, korleis ville polkaen Smøygen ha låte? Eller hallingen Gamlestovslåtten i balkandrakt? Om Førdefestivalen hadde eksistert for hundre år sidan, ville kanskje slåttematerialet i nærområdet ha låte annleis; impulsane hadde vore fleire. Ved å vri og vende på det velkjente tradisjonelle materialet vil ein nok fort syne, forøvrig i folkemusikkfestivalen si ånd – at vegen ikkje er så lang frå Sunnfjord til for eksempel Aust-Europa eller Midtausten.

*Erlend Apneseth - hardingfele, Stein Urheim - gitar, munnspel, fløyter, Erik Rydvall - nøkkelharpe, Ole Morten Vågan - bass, Hans Hulbækmo - trommer, munnharpe, sag*

Torsdag 20. april

# THE GOODBYE GIRLS & ANDRIS HEMSING TRIO

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 200/120**



**The Goodbye Girls**
Med kjerne i Boston, Massachusetts, kjem ein ny spennande kvartett med medlemmer frå USA, Canada og Sverige som starta bandet grunna felles kjærleik for old-time tradisjonell bluegrass og svensk tradisjonsmusikk. Lena Jonsson Allison de Groo, Brittany Karlson, og Molly Tuttle er kvar for seg blant dei beste musikarane ein finn der ute i verda, og saman lagar dei musikk som er både frisk og forfriskande, spennande og full av energi.

Med fleire internasjonale turnear i beltet, og spelejobbar på store festivalar som Newport Folk Festival og Stockholm Folk Festival, kom dei seg opp til #1 på *«Americana airplay direct charts»*.

*Molly Tuttle - gitar og vokal, Lena Jonsson - fele, Allison de Groot - banjo, Brittany Karlson - kontrabass*

**Andris Hemsing Trio**
Før konserten med The Goodbye Girls får me eit knippe låtar av ein heilt ny trio! Det er fele- og hardingfelespelemannen Andris Hemsing frå Valdres som har komponert og arrangert musikk, men trioen er så fersk at i skrivande stund veit me ikkje om det er ein trio eingong. Men at Andris og nokre strålande medmusikantar kjem – det veit me.

*Andris Hemsing - hardingfele, fele, Espen Wensaas - gitar, TBA*

FOLK PÅ TORSDAG

BULJOS BIDUS



Fredag 21. april

# ULLA PIRTTIJÄRVI & ULDA

**ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 200/150**

Ulda ble grunnlagt av Ulla Pirttijärvi-Länsman, som er en av våre ledende samiske kunstnere. Sammen med tre finske musikere framfører Ulla moderne musikk basert på tradisjonelle samiske sanger og joik.

En av Uldas musikalske ideer er å ha en dialog mellom tradisjonell og moderne samisk kultur. I debutalbumet *«Ulda»* blir den tradisjonelle joiken båret fram av et subtilt akustisk akkompagnement. På deres nye album *«Rojik»* utforsker de tradisjonen fra et samtidsaktuelt synspunkt, og undersøker hvordan den samiske tradisjonen fremdeles lever i dagens samfunn og hvilken personlig betydning den har.

*Ulla Pirttijärvi-Länsman - sang, perkusjon, Marko Jouste - strengeinstrumenter, sang, perkusjon, Janne Lappalainen - vindinstrumenter, Janne Tuomi - perkusjon*

VERDENSMUSIKKSCENEN



Lørdag 22. april

# HANNE TVETER

**ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 250/200**

Det blir meksikansk helaften når Hanne Tveter med band nå slipper albumet og gjentar suksessen *«México En Mi»* på Riksscenen. Publikum kan glede seg til en fargesprakende kavalkade i meksikansk musikk og kulturformidling. Med et suverent band på scenen byr Hanne på en både folkelig og elegant konsert med spennvidde fra folkemusikk og mariachitradisjon til meksikanske populærsanger med smak av cumbia og latin-jazz. Kveldens kapellmester er Sverre Indris Joner.

Hanne Tveter er en av våre høyt profilerte verdensmusikkartister som de siste årene har banet veg for spennende møter mellom norsk, latinsk og spansk folkemusikk. Hun har en sterk og autentisk formidlingsevne og har i kraft av sin lidenskap for sjangermøter blitt en anerkjent musikalsk brobygger. Med album som *«Cruxando Fronteraz»*, *«Oslo-Madrid»* og *«My Footprints»* har hun begeistret både norsk, meksikansk og spansk publikum.

Denne konserten er en hyllest til México! Gå ikke glipp av denne unike kvelden, som utvilsomt er det nærmeste du kommer den meksikanske folkesjela uten flybillett!

*Hanne Tveter - vokal, Karl Espegard - fele, Mari Halvorsen - fele, Martin Simensen - trompet, Sverre Indris Joner - piano/ trekkspill, Torbjørn Sandvik - gitar/ jarana, Roger Morland - bass , Ole Andreas Olafsrud - perkusjon, Antonio Torner - trommer*

PLATESLIPP

Søndag 23. april

# LilleRIKSEN for barnefamilier

## FOLKEPEDIA

**ÅPNER 12.30 KONSERT 13.00 BILLETT 50**



I dag blir det storstilt sesongavslutning på LilleRIKSEN, og er det vær til det, så skal vi være ute og feire denne sesongen med dans, spell og sang. Noregs Ungdomslag har laget mange fine filmer med barn som danser danser fra hele Norge, og da må jo vi se på dem og lære oss en dans eller ti? Barnelaget i BLS kommer på besøk til Riksscenen denne dagen, og skal vise oss hva de har fått til med disse filmene. Vi håper også at mange andre vil komme til oss, både barn, unge og voksne. Denne dagen er en skikkelig familiedag, og ingen ringere enn Folkepediasjef Halldis vil lede oss gjennom dagen og dansen. LilleRIKS-vert Vegar har byttet ut danseskoene med fela si, og jeg tror han kommer til å dra på noe skikkelig slik at det skal synge mellom veggene ved Riksscenen.

Folkepedia er et nasjonalt prosjekt i Noregs Ungdomslag med film om danseopplæring i folkedans.

Mer film: www.folkepedia.no

*Halldis Folkedal – Noregs Ungdomslag*
*Barnelaget i BLS*



Torsdag 27. april

## COMBONATION

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 200/120**

ComboNation er en gruppe initiert og ledet av Javid Afsari Rad, som også komponerer og arrangerer musikken. Ideen bak dette prosjektet var i 2010 å samle de beste verdensmusikerne som var bosatt i Oslo. Javid kommer opprinnelig fra Iran, mens de andre musikerne i bandet har røtter iIndia, Elfenbenskysten, Senegal og Marokko. Dette bandet er fremdeles en manifestasjon på hvor rikt og multikulturelt Oslos musikkmiljø er.

Musikerne er virtuoser på sitt instrument, ikke bare i norsk målestokk, men også internasjonalt. De har bakgrunn fra helt forskjellige kulturer og musikktradisjoner, men smelter sammen og danner et nytt musikalsk uttrykk. Lekenhet og et ønske om å bryte barrierer og grenser har vært drivkraften bak dette ensemblet.

ComboNation gir ut sin andre plate i 2017.

*Javid Afsari Rad - santur, musikalsk leder, Solo Cissokho - kora, Harpreet Bansal - fiolin, Aissa Tobi - sintir, rabab, Adrian Fiskum Myhr - kontrabass, Diom de Kossa - perkusjon, Jai Shankar - tablas*



ÅPEN KLASSE NYPRODUKSJON

Lørdag 29. april

# UNNI BOKSASP ENSEMBLE

**ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 250/150**

**Opus 72017**
Dahle – Grieg – Unni Boksasp Ensemble
I 1902 ga Edvard Grieg ut pianoverket Opus 72, Slåtter. Verket byggjer på 17 feleslåttar etter hardingfelespelemannen Knut Dahle frå Tinn i Telemark.

Unni Boksasp og ensemblet hennar har i fleire år fordjupa seg både i feleslåttane etter Dahle og i Griegs Opus 72. I 2017 presenterer dei sitt eige Opus 72017, ei konsertframføring med songar, slåttar og arrangement sterkt inspirerte av både Dahle og Grieg, men med eit tydeleg stempel av Unni Boksasp Ensemble og notida.

*«Som musikar og menneske av i dag er det interessant å trekke linjer, samanlikne og filosofere over skjebnen og livslina til desse to kunstnarane og menneska omkring dei, og prøve å forstå kva som gjorde at dei vart to av Noregs viktigaste kunstnarar»*, seier Unni Boksasp om arbeidet med å skrive nye tekster til konsertframføringa.

Unni Boksasp Ensemble gav ut si første plate *«Songar frå Havdal»* i 2007, og har i alle desse ti åra vore med og prega det norske samspelmiljøet innanfor norsk folkemusikk. No har dei teke eit nytt steg og gått laus på eit nær sagt heilagt materiale som ingen før har arbeidd med som ensemble. Resultatet får vi høyre våren og sommaren 2017, med premiere på Riksscenen.

*Unni Boksasp - song, zitter, Mats Edén - feler, Trygve Brøske - piano, trøorgel,*
*Magne Vestrum - kontrabass, Petter Berndalen - perkusjon, Marianne Meløy - manushjelp*



DANSESCENEN

Søndag 30. april

# FOLKEDANSLAB VÄKEVÄ COLLECTIVE

**ÅPNER 10.00 START 11.00 BILLETT 100**



**Lab med Outi Markkula og Thomas Mikkola (Väkevä Collective)**
Saman er dei kunstnarleg ansvarlege for det finske dansekompaniet Väkevä Collective. I tillegg er dei med i ensemblet Tahdittomat. Väkevä Collective spelte Ruija på Riksscenen våren 2016.

**Oppvarming med teknisk trening og repertoar**
Her lærer me allereie innstuderte rørsler som knyter saman element frå folkedans og samtidsdans. Dette materialet har som mål å byggje opp ein dynamisk og rytmisk kropp, samtidig som ein fokuserer på flyt og tyngde. Me får òg eit innblikk i partnararbeid frå verket *«Trinomia»* av Tuomas Mikkola.

**Improvisasjon og komposisjon**
Under denne økta vert det lagt vekt på improvisasjon, både som gruppe og individuelt. Me tek utgangspunkt i ein felles puls, til dømes henta frå polska eller kvadrilje. I tillegg får me eit innblikk i koreografiske verktøy og øvingar som instruktørane har opplevd som verknadsfulle i møte med det tradisjonelle materialet.

Avslutningsvis vert det òg drøftingar rundt finsk samtidsfolkedans, og det blir trekt samanlikningar med det norske arbeidet på feltet.

*Outi Markkula - instruktør, Tuomas Mikkola - instruktør*

FOLK PÅ TORSDAG

Torsdag 04. mai

# EIGENTLEG ANDRE INSTRUMENT SENIOR

**ÅPNER 19.30 KONSERT 20.30 BILLETT 200/120**



Bak namnet Eigentleg andre instrument senior gøymer det seg ein stor gjeng særs røynde folkemusikarar på trekkspel, toradar, fele, hardingfele o.a., men i dette laget spelar alle instrument dei ikkje kan. Det vil seie at trekkspelarar spelar fele og omvendt, toradarutøvarar spelar gitar, og andre felespelarar spelar cello eller bass. Laget vert leidd av primus motor Øyvind Sandum og har gjort furore i samspelklassene på både landskappleik og landsfestival, der ein strålande 18. plass (av 21 lag) er førebels høgdepunkt!

Kvelden startar med ein liten konsert; han må vera liten, for repertoaret til laget er ikkje spesielt utbygd enno. Deretter vert det dansespel på dei eigentlege instrumenta til utøvarane før laget avsluttar med å syne fram kunstene sine som spelemannslag atter ein gong.

Vel møtt til dansekonsert med Eigentleg andre instrument senior – EAIS til folket!

*Øyvind Sandum - fele, Mads Erik Odde - fele, Steinar Odde - fele, Rikke van Ommeren - fele, Ole Nilssen - fele, Thor Hauknes - fele, Leif Ingvar Ranøien - fele, Thomas Nilssen - fele, Geir Marius Thorud - fele, Bjørn Kåre Odde - cello, Thomas Lomundal - trekkspel, Synnøve Bjørset - trekkspel, Ingrid Schei Stuhaug - trekkspel*

Fredag 05. mai

# VÄSEN & DREAMERS CIRKUS

**ÅPNER 20.00 KONSERT 21.00 BILLETT 220/175**

**Väsen**
Olov Johansson og Mikael Marin har spelt saman sidan 1980, då dei var lovande og uvitande tenåringar på veg mot toppen av hierarkiet innanfor nordisk folkemusikk. På vegen til endeleg form møtte dei Roger Tallroth under eit spelemannsstemne på Røros, og Nordens soleklart mest verdskjende folkemusikktrio var eit faktum. Dei har sidan oppstarten for over 25 år sidan spelt på alle kontinent, i alle verdsdelar, har begeistra publikum og inspirert andre musikarar over absolutt heile verda. Dei har til og med ei gate oppkalla etter seg i USA, Väsen street, i Bloomington, Indiana!

Den særs vitale folkemusikktrioen har ikkje mindre enn 16 album i kofferten sin, og me gler oss stort til å høyre dei på Riksscenen att i mai!

*Olov Johansson - nøkkelharpe*
*Mikael Marin - viola*
*Roger Tallroth - gitar*

**Dreamers Cirkus**
Dei prisbelønte musikarane i trioen Dreamers Cirkus frå Danmark starta opp samarbeidet ved å spele Mozarts 5. fiolinkonsert i A-dur med København filharmoniske orkester i 2009.

Dreamers Cirkus vekslar saumlaust mellom sjangrar i alle retningar og samarbeider med musikarar frå ei mengd uttrykk som jazz, klassisk, rock og sjølvsagt folkemusikk. Det har skaffa dei store mengder åtgaum og ein fanskare i fleire forskjellige leirar, noko som mellom anna har ført til at dei har halde konsertar på alle slags scener verda over, frå operahuset i Sydney i 2013 til Roskildefestivalen i 2015.

*Rune Tonsgaard Sørensen - fele*
*Ale Carr - cittern*
*Nikolaj Busk - piano, trekkspel*

Vel møtt til trio-basar med nordisk verdsklasse!





Lørdag 06. mai

# VÅGÅ

## ÅPNER 18.30 KONSERT 19.30 BILLETT 220/150

**Ikkje ver blug, kyss meg!**
Bestillingsverket fra Landskappleiken i Vågå i fjor sommer inntar hovedstaden.

Over hundre aktører i alle aldre er på scenen og viser det beste fra en aktiv folkemusikkbygd. Under den smittende spel- og dansegleden ligger et alvor, en historie om forskjell på liten og stor i bygda, om forbudt kjærlighet, svik og håp. Stumfilmen *«Fante-Anne»* som ble spilt inn i Vågå i 1920, har gitt ideen til forestillingen, og klipp fra filmen vises i forestillingen.

I 1920 kom filmskaper Rasmus Breistein med kamera, manus og et knippe skuespillere til location Vågå. Her fant han kulisser, kostymer, statister og den stemningen han ønsket. Filmen *«Fante-Anne»* ble starten på et nasjonalt gjennombrudd i norsk filmhistorie.

Breisteins film er en Romeo og Julie-historie og tar for seg motsetninger i bygdesamfunnet, med storbønder og husmenn, ulykkelig kjærlighet og drømmen om et bedre liv i Amerika. Inspirert av Breistein og filmen laget vi en ny forestilling med musikk, dans, sang fortellinger og bilder. Vi omfavnet bygda, naturen og tradisjonene, lekte med innfall og inspirasjon og lot oss forføre. Resultatet ble bestillingsverket *«Ikkje ver blug, kyss meg!»*.

*Vegar Vårdal - feler, komponist, musikalsk ansvarlig, Åsmund Reistad - gitarer, bass, Kenneth Ekornes - perkusjon, Vegard Moshagen - tangenter, bass, Aasmund Nordstoga - sang, Tone Jorunn Tveito - sang, Solister, grupper og lag fra Vågå spel- og dansarlag*





Fredag 12. mai

# AMOC

## ÅPNER 20.00 KONSERT 22.00 BILLETT 200/120



Ingen andre enn Amoc kan skilte med å være verdens eneste enaresamiske rapper. Han har blitt omtalt som en trykkbølge av samisk språkvitalisering. Amoc kommer opprinnelig fra Aanaar/Enare i Finland. Artistnavnet Amoc er et akronym avledet av *«Aanaar master of ceremony»*. Selv beskriver han musikken sin som horror-rap, og sjangermessig plasserer han seg i krysningspunktet mellom hardcore og hiphop. Med seg på scenen har han sitt liveband The Boogiemen.

*Amoc (Mikkal Morottaja) - vokal*
*Patrik Fält - trommer*
*Juho Kiviniemi - bass*
*Oula Guttorm - gitar*

Fredag 02. juni

# EKSAMENSFESTIVAL NMH

**ÅPNER 18.00 KONSERT 19.00 BILLETT GRATIS**

**Folkemusikkstudentene avvikler sine eksamenskonserter på Riksscenen!**
2.- og 4.-årsstudentene ved Norges musikkhøgskole har en konsertframføring som sin viktigste eksamen, og det er etter fire år en avsluttende bacheloreksamen. For første gang skjer dette på Riksscenen, i form av en eksamensfestival. I år er det tre studenter i 2. år: Helga Myhr, Selma Bolstad og Rasmus Kjorstad, og fire med avsluttende eksamen: Ingeborg Sommer, Sigrid Stubsveen, Johanne Flottorp og Torfinn Hofstad.

**19.00 Ingeborg Sommer**
Ingeborg Sommer er en aktiv musiker med en sterk tradisjonsbevissthet, noe som hun har gjort seg bemerket med ved blant annet å vinne spel fele klasse B under Landskappleiken. Hun har også vært nominert til Fureprisen. Etter fire år på Norges musikkhøgskole vil hun avslutte sin bacheloreksamen med et knippe gode slåtter med hovedvekt på tradisjonene fra Røros.

*Ingeborg Sommer - fele*



**20.30 Helga Myhr**
Helga Myhr frå Torpo i Hallingdal spelar hardingfele, og er i vår ferdig med sitt andre år på Norges musikkhøgskole. Tidlegare har ho gått på folkemusikklina ved Vinstra vidaregåande skule. Ho blir rekna som ein av dei mest lovande hardingfelespelarane i Noreg og er aktiv i fleire grupper, særleg må Morgonrode og Kvedarkvintetten trekkjast fram. Sistnemnde gruppe gav ut plate våren 2016. Helga har spesialisert seg på hallingtradisjonen, med Gunnlaug Lien Myhr og Egil Syversbråten som dei største førebileta.

*Helga Myhr - hardingfele, fele*



**21.30 Sigrid Stubsveen**
Sigrid Stubsveen er felespiller fra Engerdal og avslutter denne våren sin bachelor i utøvende folkemusikk på Norges musikkhøgskole. Hun har utgangspunkt i tradisjonsmusikken fra hjemplassen Engerdal, og Trysil. Sigrid drives av det uttrykksfulle og inspirerende, og har de siste årene vært aktiv i en rekke prosjekter og ensembler, og som soloutøver. I tillegg til å sette sine egne hjemtrakters tradisjon i høysetet er hun både en skapende utøver, og initiativtaker og leder for festivalen «*Heme dine*» i Engerdal.

*Sigrid Stubsveen - fele, hardingfele*



Lørdag 03. juni

# EKSAMENSFESTIVAL NMH

**ÅPNER 17.00 KONSERT 18.00 BILLETT GRATIS**

**18.00 Rasmus Kjorstad**
Rasmus Kjorstad er frå Sør-Fron i Gudbrandsdalen. Han har dei siste åra utmerkt seg med musikk frå Midt-Gudbrandsdalen som utgangspunkt. Han har tidlegare utdanning frå folkemusikklina på Vinstra vidaregåande skule, og går no 2. året på Noregs musikkhøgskole. I tillegg til å vere ein solid soloutøvar spelar han i ulike grupper og band, som Morgonrode og Kjorstad Brothers. I 2016 kom han og bror Hans ut med si fyrste plate – «*Pusinshi Ulla*».

*Rasmus Kjorstad - fele, hardingfele*



**19.00 Johanne Flottorp**
Johanne Flottorp er hardingfelespelar frå Åmli i Aust-Agder. Ho er oppvaksen med både setesdalsslåttar og telespel, i tillegg til den særeigne lokale musikken frå heimbygda. På Musikkhøgskolen har Johanne fordjupa seg i nettopp desse tradisjonane, og ho har dei siste åra hatt Håkon Høgemo og Anne Hytta som lærarar. På eksamenskonserten får du høyre favorittslåttane hennar, som spenner frå kvasse gangarar og sjeldne springarar til vare lydarslåttar.

*Johanne Flottorp - hardingfele*



**20.30 Selma Bolstad**
Selma Bolstad interesserer seg for alt fra de vakreste lydarlåttene fra Valdres til groovy svenske polskaer etter Erik Salström. Hun er aktiv i flere band med fele/nøkkelharpe og sang. I tillegg komponerer hun også selv. Hun gleder seg til å vise noe av dette på Riksscenen. Noen av læremestrene til Selma har vært Elisabeth Olhans, Cajsa Ekstav, Tore Bolstad, Aslak Brimi, Andreas Bjørkås og Håkon Høgemo.

*Selma Bolstad - fele, hardingfele*



**21.00 Torfinn Hofstad**
Sist ut er fjerdeårsstudenten Torfinn Hofstad. Å kommunisere gjennom musikken er noe av det han legger vekt på når han skal tøye grensene for en eksamenskonsert. Med bred erfaring fra mange sjangre lar han seg inspirere av flere uttrykk, selv om det er folkemusikk fra Innherred som ligger hans hjerte nærmest. Samspill er selve gleden med musikk, ifølge Torfinn, som siterer Stevie Wonder: *«Music is a word within itself with a language we all understand.»*

*Torfinn Hofstad - fele*



LØRDAG 03. JUNI

# MUSIKKFEST I SCHOUS KULTURBRYGGERI



**Lørdag 03. juni** fylles Oslos gater, torg, parker og plasser med levende musikk. I den anledning inviterer Schous kulturbryggeri, Popsenteret, Oslo musikk- og kulturskole, Øvingshotellet og Riksscenen til en forsommerdag med sang, dans, konserter og aktiviteter i vårt byrom nederst på Løkka.

*Det vil bli program for både store og små på utescenen vår, med servering av mat og drikke utendørs.*

**ÅPNER 11.00 KONSERTER FRA 12.00 GRATIS!**

SCHOUS KULTURBRYGGERI





KJØP SESONGKORT FOR VÅREN 2017
800,- stud
1300,- ord
Fri entré på alle våre 60 konserter hele sesongen!

# Jazzfarger i vinteren

Vi er stolte av å åpne året med besøk fra all Ears-festivalen allerede tidlig i januar, siden blir det både fuzzjazz og sart musikk, lekent og komponert fra så vel unge som erfarne. Velkommen til et nytt, godt år på Nasjonal jazzscene!

**all Ears**
Fre og lør 13.-14. jan
Dagspass kr 380/280
Innholdsrik festival for improvisert musikk

**Elephant9 med Terje Rypdal**
Fre 20. jan - 21.00
kr 320/270
Tung, psykedelisk jazz

**Tord Gustavsen med Simin Tander**
Lørdag 21. jan - 21.00
kr 320/270
Lyriske norske salmer og persisk poesi

**Jazzkappleik #3**
Ons 25. jan - 20.00
Gratis inngang
Loddtrukket lekent samspillartisteri

**David Torn - Sun of Goldfinger**
Torsdag 26. jan - 20.00
kr 220/170
Ryggmargsplintrende og svevende

**Ola Kvernberg - Steamdome**
Fre 27. jan - 21.00
kr 260/210
Lokomotiv mot mørkets hjerte
VINTERJAZZ

**Barnas Jazzscene**
Lør 28. jan - 14.00
Bill. i døra - kr 50/20
Neste generasjon imponerer
VINTERJAZZ

**Evan Parker & Alexander Hawkins**
Tor 09. feb - 20.00
kr 220/170
Legendarisk episenter med nyskapende protesjé

Videre i 2017 får du blant flere høre Brad Mehldau Trio, Marit Sandvik / Maurizio Picchiò, Atomic, Eldbjørg Raknes & Co, Espen Rud, Theo Bleckmann - Elegy, Bill Laurance, Bobo Stenson Trio, Joey De Francesco Quartet, Tomasz Stanko Quartet, Tigran Hamasyan, Building Instrument, Christian Wallumrød Ensemble, JÜ meets Møster, Chris Potter Quartet og I.P.A.

FLERE KONSERTER FINNER DU PÅ
WWW.NASJONALJAZZSCENE.NO

Karl Johans gate 35 - Oslo

Victoria
NASJONAL JAZZSCENE

ADMINISTRASJON:

Helge Skansen - daglig leder
Helga Hyldmo Ranes - administrasjonssjef
Lena Brodal - produksjonsleder
Camilla Unger - administrasjon/økonomi
Fredrik Falch - informasjonsleder
Magnus Opsahl Smaadahl - teknisk leder
Asgaut Bakken - produsent
Andreas Ljones - produsent
Tommy Fergestad - scene
Roberto Quispe - renhold

STYRET:

Karl Einar Ellingsen - leder
Peder Horgen
Mette Vårdal
Ola K. Berge
Tor Gunnar Nystad
Fredrik J. Falch
Ivan Mazuze (vara)
Hilde Fjerdingøy (vara)
Biret Risten Sara (vara)
Siri Kvambe (vara)

PROGRAMRÅDGIVNING:

I planleggingen av denne sesongens program takker vi for god hjelp fra følgende personer:
Folk på Torsdag: OsloFOLK
Folkedans: Øyvind Sandum, Vegar Vårdal
Verdensmusikkscenen: Sverre Indris Joner, Reidun Svabø
Buljos Biðus: Georg Buljo
Idja: Oslove Noereh
LilleRIKSEN: Vegar Vårdal
Tett på: Ola E. Bø

VI TAKKER FOR SAMARBEID MED OG ØKONOMISK STØTTE FRA:

Kulturdepartementet
OsloFOLK (Oslo kommune, Norsk kulturråd)
Førdefestivalen
Midtnorsk folkemusikksenter
Norges Musikkhøgskole
Oslove Noereh

FOTO:

Forside, månedens artist mars - Knut Buen: Morten Krogvold
side 2: Cathrine Dokken

20.01 Virginie Surdej Villa
22.01 Knut Egil Kristiansen
27.01, 23.02, 03.02 Ingvil Skeie Ljones
02.02 Knut Bry
03.02 Synne Bårdsdatter Bønes
04.02 Kari Helene Skog, Freddy L. Larsen, CF Wesenberg
05.02 Bjørn Ludvig Søgnen
11.02 Eivind Kaasin
16.02 Olle Melkerhed
17.02 Knut Bry
18.02 Helge Brekke
19.02 Hadi Rizek
26.02, Månedens artist februar, 18.03, 31.03 Knut Utler
05.03 Eyolf Johnsen
19.03 Marte Amanda Vannebo
23.03 Pahan Laulu
25.03 Mait Jüriado
30.03 Hevi Hirvela
31.03 Knut Åserud
05.04 Signe Fuglestag Luksengard
06.04 Oddleiv Apneseth
23.04 Kristianne Mary
05.05 Caroline Bittencourt

GRAFISK DESIGN:

WAGGESTAD DESIGN - www.waggestad.no

RIKSSCENEN

SCENE FOR FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS
NORWEGIAN HUB FOR TRADITIONAL MUSIC AND DANCE
Schous Kulturbryggeri Bygg J/K,
Trondheimsveien 2, Grünerløkka, Oslo
Postboks 4784, Sofienberg, N-0506 Oslo, Norway
Tel: 23 89 68 58 (sentralbord) I www.riksscenen.no

Følg Riksscenen på Facebook

Riksscenen er den nasjonale scenen for folkemusikk. Riksscenen er også en nasjonal arena i den videre utviklingen av vår sjanger, ikke minst gjennom nyproduksjon og scenisk kompetanseheving. Riksscenen speiler hele det rike folkemusikkspekteret i Norge i dag, fra våre egne tradisjonsuttrykk til alle våre nye landsmenns kulturelle opphav.

*Vi har cirka 200 arrangementer årlig, fra våre egne programmer via samarbeidsprosjekter til utleie. Våre tilbud retter seg mot alle aldersgrupper.*




RIKSSCENEN - SCENE FOR FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS
NORWEGIAN HUB FOR TRADITIONAL MUSIC AND DANCE
Schous Kulturbryggeri Bygg J/K,
Trondheimsveien 2, Grünerløkka, Oslo
Postboks 4784, Sofienberg, N-0506 Oslo, Norway

Tel: 23 89 68 58 (sentralbord) | www.riksscenen.no